

MASTEROPPGÅVE

Emnekode: NOR5003

Namn: Leiknes, Ellen Synøve

Sidemål i lærebøker

Dato: 18.05.2022

Sider totalt: 57



NORD
universitet

www.nord.no



SIDEMÅL I LÆREBØKER

Ei lærebokanalyse som ser på presentasjon av sidemål i lærebøker i norsk for elever på 6. trinn.

Ellen Synøve Leiknes

Våren 2022

Forord

Mykje kan skje på fem år. Om nokon for fem år sidan hadde fortalt kva eg skulle få oppleve dei neste fem åra, ville eg ikkje trudd på det. Kven skulle vel tru at eg i løpet av fem korte år skulle gå frå å vere elektrikar til å vere ferdig med lærarutdanninga? Det var sjølvsagt det som var målet mitt når eg starta på lærarskulen, men lite visste eg om at det skulle bli fem år som forandra livet. Kjærleiken blomstra og eg gifta meg med draumeprinsen. Saman har vi i løpet av desse fem åra fått to nydelege born. Livet var ein dans på roser, og somme tider var der ein torn ein trakka på. Graviditet og barseltid samstundes med eit 100% studie har til tider vore utfordrande. Likevel kjem eg til å sjå tilbake på tida mi ved Nord universitet med eit smil om munnen. Det er nesten ufatteleg at desse fem åra snart er omme.

Masteroppgåva er som eit punktum. Den avsluttar dette kapittelet i livet. Til tider har den kjentest uoverkommeleg og den har vore rota til mang ei søvnlaus natt og frustrasjonsutbrot. Likevel er lærdomen eg har fått frå denne oppgåva med meg for alltid. Eg vil spesielt takke Anne-Lise og Kjetil for arbeide de to har lagt ned som mine rettleiarar. Konstruktiv kritikk er aldri morosamt å gi eller få, men utan dykkar tilbakemeldingar ville eg aldri blitt ferdig.

Eg er takksam for at eg har fått møte så mange fantastiske personar gjennom lærarutdanninga. Både lærarar og medstudentar har vore med å farga dei siste fem åra. Saman har vi støtta kvarandre. Dette til tross for at vi ikkje har fått møtast i tida prega av pandemien. Eg vil spesielt takke Kirsti, som har blitt ein ven for livet.

Den eg vil takke mest for all støtta gjennom dei siste åra er min kjære ektemann, William. Utan han ville eg ikkje klart dette. Han var der gjennom samlingar, eksamensnervar og masterskriving. Dei oppmuntrande og tryggjande orda hans var til stor hjelp. Han hadde tru på meg når eg sjølv var usikker på om eg ville lykkast.

Til deg som no skal lese denne oppgåva;

Sett deg godt til rette, men hugs å fylle kaffikoppen fyrst.

Ellen Synøve Leiknes

Nord universitet, våren 2022

Samandrag

Formålet med denne studien har vore å finne ut korleis sidemål blir presentert i lærebøker i norsk for 6. klasse. Debatten kring sidemålets plass i skulen engasjerer mange. Forsking viser at fleire som har hatt nynorsk som hovudmål i oppveksten bytter målform i vaksen alder. Grunnen er at dei ynskjer å tilpasse seg målforma bedriftene nyttar mest. Forsking viser ein styrkande trend kring sidemålet i læreplanen. Dette bør ein sjå att i lærebøkene som er bygd på den nyaste læreplanen. Tidlegare forskning viser også at det er mykje sidemål i lærebøker og lesebøker for elevar med nynorsk som hovudmål. Omsetjing av lærebøker frå bokmål til nynorsk er hovudregelen. Det er tenkeleg at der er ein samanheng mellom mykje sidemål i lærebøker for elevar med nynorsk som hovudmål og omsetjinga av lærebøker frå bokmål til nynorsk.

Studiens empiri er samla frå to læreverk. Desse læreverka har eg ikkje tidlegare kjennskap til. Det var viktig for meg for å sikre at mine tidlegare opplevingar med eit læreverk ikkje skulle farge arbeidet mitt i dette prosjektet. Eg har gått gjennom læreverka side for side og leita etter sidemålstekstar og sidemålsrelaterte oppgåver. Metoden som er nytta er ei blanding av element frå kvantitativ innhaldsanalyse og kvalitativ innhaldsanalyse.

Analysane viser at læreverka har lykkast i å integrere sidemålstekstane grafisk og tematisk. Likevel er det store skilnader mellom bokmålsversjonen og nynorskversjonen av same læreverk. Analysen vise at det er dobbelt så mange sider på sidemål i nynorskversjonen av boka som i bokmålsversjonen av same bok. Omsetjing av lærebøker frå bokmål til nynorsk påverkar også plasseringa av sidemålsoppgåver. Nynorskversjonen av lærebøka i det eine læreverket har sidemålsoppgåver knytt til sidemålstekst. I det andre læreverket forsvinn sidemålsoppgåva i omsetjinga, så nynorskversjonen av den lærebøka har ingen sidemålsoppgåver. Min konklusjon er at sidemålet blir framstilt på lik linje med hovudmålet i integreringa av tekstar, men at det er ein del som manglar kring oppgåvene i læreverka og vissheita kring mengda sidemål i lærebøkene som er omsett til nynorsk. Der er rom for forbetring.

Abstract

This master thesis examines how the secondary Norwegian language is presented in textbooks for 6th grade pupils. It's an ongoing debate around the importance of the secondary Norwegian language in the education of Norwegian pupils. There are two equated written Norwegian languages, *Bokmål* and *Nynorsk*. Norwegian pupils learn both, but one of them are their primary Norwegian language and the other is their secondary Norwegian language. A study has shown that the secondary Norwegian languages position is strengthened in the new curriculum. Other studies have also shown that *Bokmål*, the secondary Norwegian language for pupils with *Nynorsk* as primary Norwegian language, is often used more than the primary Norwegian language. This can be a result of translation of textbooks from *Bokmål* to *Nynorsk*.

I've collected my empirical data from four textbooks, two with *Bokmål* and two with *Nynorsk* as the primary Norwegian language. The two textbooks in *Nynorsk* are the translated version of the two textbooks in *Bokmål*. It was important for me that I could be impartial in my analysis of the textbooks, so I chose books I had no former knowledge of. The method was a mix of elements from the quantitative content analysis and qualitative content analysis.

My analysis shows that texts in the secondary Norwegian language is well integrated in the thematic and graphic setting of the textbooks. However, there are differences between the versions of the books. The analysis shows that textbooks in *Nynorsk* contains double the number of pages in *Bokmål* compared with the number of pages in *Nynorsk* in the textbooks in *Bokmål*. Further the translation of textbooks has affected the placement of written tasks connected to the secondary Norwegian language. In textbooks on *Nynorsk* these tasks are connected to texts in their primary language ore the tasks connection to learning the secondary language disappears in the translation. My conclusion is that the secondary languages texts are as well integrated in the textbooks as the texts written in the primary language, but there are some issues. This are connected to the tasks and the difference of the number of pages in the secondary language caused by translation. There are room for improvement.

Innhold

Sidemål i lærebøker	1
1 Innleiing.....	1
1.1 Grunnlag for val av tema.....	1
1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	2
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	3
2 Teori, tidlegare forsking og debatt.....	3
2.1 Teori.....	4
2.2 Tidlegare forsking på lærebøker og sidemål.....	4
2.3 Debatten kring sidemål og lærebøker.....	6
3 Metode.....	8
3.1 Val av metode.....	9
3.2 Empiri og utval; Val av lærebøker til analyse.....	11
3.3 Analyse av enkeltelement rundt sidemålstekstar.....	12
3.4 Kvalitet i studien, Validitet reliabilitet og studiens avgrensingar.....	14
3.5 Forskingsetikk.....	15
4 Analyse.....	15
4.1 Innhald av sidemålstekstar i lærebøkene.....	16
4.2 Ein tekst i læreboka.....	21
4.3 Oppgåver knytt til sidemål.....	36
5 Drøfting.....	39
5.1 Drøfting av innhald av sidemålstekstar i lærebøkene.....	39
5.2 Drøfting kring ein tekst i læreboka.....	40
5.3 Drøfting kring oppgåver.....	42
6 Avslutting.....	45
6.1 Oppsummering og konklusjon.....	45
Tematisk og grafisk integrering.....	45
Oppgåver.....	45
Konsekvensar av omsetjing.....	46
Konklusjon.....	46
6.2 Kva kan dette tyde for sidemålsopplæringa?.....	47
6.3 Forslag til vidare forsking.....	47
Litteraturliste.....	49

Sidemål i lærebøker

1 Innleiing

1.1 Grunnlag for val av tema

I kompetansemåla for 4. trinn i norsk står det at elevane skal kunne «lese og lytte til fortellinger, eventyr, sangtekster, faktabøker og andre tekster på bokmål og nynorsk og i oversettelse fra samiske og andre språk, og samtale om hva tekstene betyr for eleven» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dette kompetansemålet legg føringar for sidemålsopplæringa, og lærebokforfattarane som arbeider ut frå den nyaste læreplanen når dei skriv nye lærebøker. Her forsøker dei å integrere alle kompetansemål frå læreplanen i lærebøkene. Om ein då følgjer læreboka skal ein ha sikra at ein er komen gjennom kompetansemåla. Det er likevel ikkje alle kompetansemål som blir vekta likt av lærebokforfattarane. Korleis lærebokforfattarane vektlegg eit kompetansemål får konsekvensar for kva lærebøkene inneheld. Lærebøkene sikrar uansett at elevane kjem gjennom alle kompetansemåla.

Lærebøker blir ofte omsett frå bokmål til nynorsk. Forlagsdirektør Ulv Pedersen fortel at omsetjing av lærebøker frå bokmål til nynorsk er hovudregelen. (Digernes, 2022, s.6-7). Lærebokforfattarane skriv ei lærebok på bokmål, og får denne læreboka sendt til omsetjing. Kva konsekvensar dette har for forskjellige delar av lærebøkene med nynorsk som hovudmål er uvisst. Det er interessant å sjå om det påverkar sidemålsinnhaldet i lærebøkene på nynorsk.

Innhaldet i lærebøker kan variere mykje. I ei praksisperiode såg eg ei ganske ny lærebok på bokmål for 3. trinn. Denne boka hadde lagt opp til at elevane skulle møte nynorsk som eit par dikt i løpet av året. Elevane som fekk denne læreboka fekk derfor lite kjennskap til sidemålet sitt gjennom boka. Praksislæraren min var klar over at eg hadde nynorsk som hovudmål, så ho spurde meg om eg kunne ta nokre timar med nynorsk med elevane. Ho såg på det som ein styrke at elevane fekk litt meir sidemålsundervising enn det boka la opp til. Praksislæraren hadde bokmål som hovudmål, og meinte det var betre at elevane fekk litt undervisning på sitt sidemål av nokon med nynorsk som hovudmål.

Det er ei kjend sak at mange bokmålsbrukarar slit med nynorsk. Dei som har nynorsk som hovudmål vil i mange tilfelle ha lettare for å lære bokmål. Noko av dette kan skuldast at bokmål er brukt meir i media enn nynorsk.

Nesten 50 år etter at NRK fikk krav om 25 prosent nynorskinnhold, er målet nådd. I 2019 hadde NRK en nynorskandel på 25,2 prosent.– Jeg synes faktisk det er litt flaut at vi ikke har fått det til før, sier kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen. (NRK, 2020).

Media påverkar i kva grad vi møter sidemålet utanfor skulen, og ser ein på mediepåverknaden så er det kanskje ikkje så underleg at det er lettare for nynorskelevane å meistre bokmålet.

Læreplanen seier at elevar på 7. trinn skal «lese lyrikk, noveller, fagtekster og annen skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og samtale om formål, form og innhold» og «prøve ut skriving av tekster på sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dette fordrar at opplæringa skal utruste elevane til å nå desse kompetansemåla. Dette fekk meg til å undre på kva grunnlag lærebøkene gjev læraren og eleven. Det eg undra mest på var om det var noko i opplæringa vår som var annleis. Møtte vi like mykje sidemål i lærebøkene våre?

1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstillinga mi er; *Korleis blir sidemål framstilt i lærebøker i norsk på 6. trinn?*

For å svare på denne problemstillinga vil eg analysere sidemålsinnhaldet i fire lærebøker i lyset av tre forskingsspørsmål. Om eg skulle finne ein trend i desse lærebøkene ville det vere serdeles interessant å sjå om trenden stemmer for andre læreverk og andre årstrinn. Svaret mitt kan bli mangelfullt i omfang sidan eg ikkje har kapasitet til å sjå på meir enn to lærebøker frå to forlag. Likevel vil eg å kunne seie noko om korleis dei valde lærebøkene framstiller sidemål. Eg vil svare på problemstillinga ved bruk av følgjande forskingsspørsmål:

- *Kor mange sidemålstekster er det i kvar enkelt lærebok og kva er omfanget av tekstane?* Her får vi svar på kor mange tekster på sidemål forfattarane har prioritert å ha med i lærebøkene. Når vi då samtidig spør om omfanget av kvar tekst, kan vi sjå kor mange sider i kvar bok som er nytta til sidemål. Sjølv om enkelte tekstar er svært korte og likevel reknast som ei side, er det eit «drypp» av sidemål på dei sidene. Mengda sider fortel litt om kor mykje plass forfattarane ville gje til sidemålstekstar.
- *Korleis blir sidemålstekstane presentert?* Her tek er for meg ein sidemålstekst frå kvar bok. Eg ser på elementa plassering, fargebruk, illustrasjonar, tilknytt tekst og oppgåver. Desse elementa vil saman fortelje korleis sidemålsteksten er integrert i

boka. Det er ein føresetnad at dei utvalde tekstane er representativ for resten av sidemålstekstane i læreboka.

- *Korleis er oppgåver brukt i samanheng med sidemålstekstar?* Her vil eg sjå på korleis oppgåver i lærebøkene er knytt til sidemålstekstane. Det er interessant å sjå kva målform oppgåvene står på, og om oppgåvene opnar for praktisk bruk av sidemålet. Kva målform sjølve oppgåva er på har kanskje ikkje like mykje å seie som om det er oppgåver som oppmodar elevane til å prøve ut skriving på sitt sidemål. Her er det også interessant å samanlikne bøkene for å sjå om sidemålsoppgåvene er gitt til same tekst i begge bøkene eller om bøkene har sidemålsoppgåver knytt til forskjellige tekstar.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Eg vil starte med å gjere greie for teori, tidlegare forskning og aktuelle debattar. Teorien fortel om oppbygging av lærebøker og forholdet mellom lærebok og læreplan. Tidlegare forskning omhandlar forskning på sidemål i lærebøker, bruk av oppgåver og sidemål i læreplanen. Aktuelle debattar er debatten om sidemålets plass i skulen og debatten kring lærebøker. Saman dannar teori, tidlegare forskning og aktuell debatt grunnlaget eg bygger oppgåva utifrå. Metodedelen gjer greie for val av metode. Her utdjupar eg framgangsmåten eg nyttar i arbeidet med analysen. Der blir også presentert analysekategoriar. Under metodedelen finn ein også ei drøfting av studiens reliabilitet og validitet. I analysedelen presenterer eg funn. Desse blir tolka på bakgrunn av teori, tidlegare forskning, gjeldande læreplan og aktuell debatt. I drøftinga ser eg på kva funna i analysedelen tyder for framstillinga av sidemålet i lærebøkene. Funna blir også drøfta i lyset av tidlegare forskning, gjeldande læreplan og aktuell debatt. I avsluttinga dreg eg fram hovudfunna og gjev ein konklusjon. Der skriv eg kort om kva hovudfunna tyder for opplæringa i sidemål. Det blir også nemnt forslag til tema for vidare forskning.

2 Teori, tidlegare forskning og debatt

I dette kapitlet vil eg gjere greie for relevant teori, tidlegare forskning og aktuell debatt. Dette er knytt til sidemål og lærebøker sidan eg ser på framstilling av sidemål i lærebøker. Dei aktuelle debattane kring sidemålets plass i skulen og lærebøker er med på å aktualisere kvifor det er viktig at ein driv med lærebokforskning og forskning på sidemål.

2.1 Teori

Dagrun Skjelbred tek for seg tekstomgrepet i boka *Skolens tekster* (Skjelbred, 2019). Her greier ho ut om kva som kjenneteiknar tekstar i skulen. «Fortellinger, enten de er fiksjonsfortellinger eller faktafortellinger, enten de blir realisert verbalspråklig, som film eller som spill, kan være effektive i kunnskaps-formidling fordi de levendegjør et faglig stoff på en helt annen måte enn for eksempel en nøktern og informativ tekst.» (Skjelbred, 2019, s.114). Tekstar i skulen har eit formål. Når ein ser på tekstar i skulen kjem ein ikkje unna å sjå på innhald, form og funksjon. Formålet er ikkje det same for alle tekstar. Mykje av det som står i lærebøkene er direkte knytt til kompetansemåla i læreplanen. Innhaldet i ein tekst er avhengig av funksjonen teksten har.

I Læreplanen i norsk (NOR01-06) står det at elevar etter 4. trinn skal kunne «-lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Ut frå dette kompetansemålet kan målet med ein tekst til dømes vere at ein skal lese eventyr for å bli kjend med sjangeren. Funksjonen til teksten er då å gje eit eksempel til lesaren på ein gitt sjanger. Då må innhaldet og forma leve opp til funksjonen, og i dette eksempelet må teksten då vere eit eventyr. Andre tekstar er nytta for innhaldet sitt. Sidemålstekstane har som formål å vise fram sidemålet, men dei kan samstundes vere tematisk knytt til innhaldet i boka. Dette er vesentleg for denne masteroppgåva. Integreringa av teksten i læreboka fortel om teksten berre er teken med for å vere eit eksempel på ein tekst på sidemål, eller om den er tematisk forankra.

2.2 Tidlegare forskning på lærebøker og sidemål

Toril Fiva og Marit Krogtoft har tatt for seg to læreverk og sett på læreverka sin funksjon oppimot læreplanen i den norskfaglege delen av rapport *Læreplan, Læreverk og tilrettelegging for læring; Analyse av læreplan og et utval læreverk i naturfag, norsk og samfunnsfag*. (Rønning et al., 2008) frå Nordlandsforskning. Det er interessant at dei vel å sjå på element som layout, biletebruk og oppgåver for å sjå på korleis læreverka støttar eleven til å oppnå måla i læreplanen. «Man kan kanskje forsvare å lage bøker med ganske få ord i hvis man har tenkt at mye luft og god layout skal fungere motiverende for elevene. Men vi synes ikke boka har noen god layout. Det beste som kan sies om layouten er at boka har ei tiltalende forside.» (Fiva & Krogtoft, 2008, s.98). Layout er eit omgrep som omfattar plassering av tekst og bilete i trykte produkter, og som gjerne blir brukt når ein snakkar om grafisk oppsett i

bøker, blad, flyers og liknande. Ein god layout vil gi ei ryddig og oversiktleg lærebok. Eit rotete oppsett vil i så måte kunne forringe bokas formål og vere til hinder for at elevane får tak i lærestoffet. For mitt prosjekt vil det vere høgst relevant å sjå på plassering av tekst, illustrasjonar og oppgåver for å sjå om layouten er betre i dei bøkene eg ser på.

Bente Kolberg Jansson har gjort eit forprosjekt om sidemål i lærebøker. Rapporten hennar, *Kva slags sidemålsopplæring legg lærebøkene opp til når nynorsk er sidemålet? Ein analyse av lærebøker i norsk for ungdomstrinnet etter Reform 97*. (Jansson, 2004), skildrar innhaldet av sidemål i seks læreverk på ungdomsskulen. Jansson såg på korleis sidemålet var plassert i kvar lærebok. Nokre lærebøker hadde egne kapittel på sidemål plassert bakom alle kapitla på hovudmål, medan andre hadde tatt inn ein og annan tekst på sidemål i ein del av kapitla. Ho fann til og med bøker der det ikkje var sidemålstekstar, då sidemålstekstane var i bøker på eit anna trinn. Jansson såg også på omfanget. Ho talde sider, men uttrykte at det var lite gunstig når ein skulle telje tekstar som var mindre enn ei halv side. Her peikar ho på at det kanskje hadde blitt eit meir riktig bilete om ho hadde talt orda. Sjølv om Janssons prosjekt var om nynorsk som sidemål på ungdomsskulen liknar det mykje på det eg har gjennomført med begge målformene på 6. trinn. Denne arbeidsrapporten er 17 år gamal, men er framleis relevant som eksempel på denne typen studie.

I.M.W. Øvergaard skriv om sidemål i læreplanar i masteroppgåva *Nynorsk som sidemål på barnetrinnet – En kritisk diskursanalyse av nynorsk som sidemål i tre læreplaner i norsk*. (Øvergaard, 2021). Det eg fann mest interessant med denne studien er at Øvergaard skriv at det blir gitt meir plass til sidemålet i LK20 enn det var gitt i dei føregåande læreplanane L97 og LK06. Tidlegare har det vore kompetansemål knytt til lesing av sidemålstekstar, men etter LK20 er også utprøving av skriving på sidemål kompetanse mål etter 7. trinn. Øvergaard har sett på nynorsken som sidemål i desse planane ved å ta for seg alle stader i desse planane der *nynorsk* og *sidemål* er nemnt, men eg har tru på at det ho fann ut er like relevant for bokmål som sidemål. Læreplanen brukar omgrepet *sidemål*. Den skil ikkje mellom bokmål og nynorsk der dette omgrepet er nytta. Til dømes har vi eit kompetansemål frå 7. trinn som seier at eleven skal kunne «prøve ut skriving av tekstar på sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Kva som definerast som sidemål er i kvart enkelt tilfelle avhengig av kva som er elevens hovudmål. Sidan læreplanen brukar omgrepet *sidemål* har eg grunn til å tru at ein liknande

studie vil vise at styrkinga av sidemålet i læreplanen er uavhengig av målform. Øvergaard's studie er interessant å sjå på i samanheng med denne studien av lærebøker. At sidemålet har fått større plass i læreplanen bør gjenspeglast i lærebøkene.

C. F. Jørgensen skriv om oppgåver knytt til grammatikk i masteroppgåva *Grammatikken i bruk?*. (Jørgensen, 2019). Jørgensen skriv om korleis oppgåver er nytta i samanheng med grammatikk. Ho har gjort ei undersøking av to læreverk og funne ut at der var skilnader på korleis dei la opp grammatikkoppgåvene. Jørgensen poengterer at det i begge læreverka ho såg på er eit fokus på grammatikk som system, og ikkje så mykje på bruken i språkleg samanheng. I likskap med Jørgensen kjem eg til å sjå på oppgåver i læreverka og sjå om der er skilnader mellom dei to læreverka eg har plukka ut. Sjølv om Jørgensen ser på oppgåver knytt til grammatikk og eg ser på oppgåver knytt til sidemål er det likevel relevant å sjå på Jørgensens prosjekt. Vi har begge sett på bruken av oppgåver i læreverk. Det er også eit interessant moment å sjå på i mitt prosjekt om oppgåvene knytt til sidemål er knytt til bruk i språkleg samanheng eller ikkje.

L. A. S. Langnes skriv om omfanget av sidemålstekstar i lesebøker for ungdomsskuleelevar i masteroppgåva *Nok tilfang på begge målformer? Om språkleg fordeling i lesebøker og tekstar i norsk for nynorskelevar i ungdomsskulen*. (Langnes, 2021). «Denne masteroppgåva presenterer ei gransking av språkleg fordeling mellom tekstar på nynorsk og bokmål i nynorske lesebøker for to norskverk i ungdomsskulen.» (Langnes, 2021, s.2). Langnes fann ut at omtrent ein tredjedel av tekstane frå lesebøkene til nynorskelevane og faglærarrapportane i granskinga hennar var på nynorsk. Dette vil seie at to tredjedelar er på bokmål, som i denne samanhengen var elevane sitt sidemål. Sjølv om denne granskinga er gjort på lesebøker og faglærarrapportar frå ungdomsskulen, så er det interessant at det var overvekt av sidemålstekstar for nynorskelevane. Det blir derfor interessant å sjå om det er betre i dei nye bøkene for 6. trinn som følgjer LK20.

2.3 Debatten kring sidemål og lærebøker

Den viktigaste debatten for mitt prosjekt er debatten kring sidemålets plass i skulen. Dette er ein debatt som mange har meiningar om. Med nokre unntak så har alle vaksne nordmenn hatt

sidemålsundervising på skulen. Opplevingane ein fekk i møte med sidemålsundervisinga kan vere noko av grunnen til at mange engasjerer seg. Frå politikarane på stortinget til «mannen i gata», det er mange som engasjerer seg uavhengig av kor sakleg debatten er. Det er også mange som i denne debatten set likskapsteiknet mellom sidemål og nynorsk. Norsklæraren Elise kommenterer i eit intervju av R. L. Sandvik at nynorsk var så fjernt frå talemålet til elevane på austlandet at dei sleit med å klare å skrive det. Elise fortalte at mykje av det ho fekk innlevert når elevane skulle skrive nynorsk likna mest på «ei blanding av svensk og eit eller anna ... trollspråk» (Sandvik, 2021). Det er eit reelt problem for elevane i områder med bokmålsnære dialekter å lære seg nynorsk, fordi dei ikkje har møtt nynorsken gjennom anna enn korte tekstar i lærebøker.

Det er ein debatt der nokon på den eine sida vil fjerne sidemålsopplæringa, medan andre ser på sidemålsopplæringa som ein essensiell del av norskopplæringa som alle må gjennom. For nynorskbrukarar er det ei utfordring at mange dreg likskapsteiknet mellom sidemål og nynorsk. Sandvik siterer «...forfatter Agnes Ravatns ord: *Det einaste slitsame med å skrive nynorsk, er at ein heile tida må forsvare at ein gjer det.*» (Sandvik, 2021). Når vi har to likestilte målformer kan ein undrast over om det skal vere slik som Ravatn uttaler. Det er kanskje kjensla av at ein heile tida må forsvare at ein skriv nynorsk som er grunnen til at nynorskbrukarar kjemper for sidemålsundervising i skulen.

Det er ei realitet for mange nynorskbrukarar at dei vel vekk sitt eige hovudmål for å tilpasse seg omverda. G. R. Sanden har forska på bruken av dei to målformene i norske bedrifter. Sanden skriv i *The second-class Norwegian: marginalisation of Nynorsk in Norwegian business* (Sanden, 2019) at nynorsken er lite brukt i bedrifter. Vidare viser ho til kva delar av landet som nyttar nynorsk. Ho viser til at fleire som har hatt nynorsk som hovudmål på skulen i vaksen alder vel å bytte målform grunna arbeid. Denne artikkelen viser sidemålsopplæringa sin relevans. Hadde ikkje nynorskelevane Sanden viser til hatt mogleiken til å lære sidemålet sitt i skulen ville det å bytte målform som vaksen vore vanskelegare. Eit argument i denne debatten er derfor at ein ikkje kan vere sikker på kva målform ein treng å kommunisere på i framtida, så det er best å lære begge.

Noreg er i ein særskilt situasjon sidan vi har to ganske like skriftspråk som er likestilt. Sidemålsopplæringa kan derfor sjåast som ein del av kulturarven vår. Kulturarv, forskning og debatt påverkar utdanningspolitikken. Som Øvergaard peikar på i sitt prosjekt er det ein styrkande trend i læreplanen kring sidemålsopplæringa (Øvergaard, 2021). Det har gått frå å vere noko ein fyrst møter på ungdomsskulen til å no vere knytt til kompetansemål heilt ned i småskulen. Den nye læreplanen i norsk har blant anna kompetansemål som seier at elevar etter 7. trinn skal ha prøvd ut skriving på sitt sidemål. (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dei nyaste lærebøkene er laga etter den nye læreplanen, og vil vere ein stad der elevane kan få møte sidemålet sitt.

Det er også ein debatt kring lærebøker og verdien av dei. Nokre, som til dømes R. Ulvestad meiner at lærebøker er eit sentralt verktøy i undervisning og «går aldri ut på dato». (Ulvestad, 2020), medan andre som Bakken, Breivik og Aashamar meiner at læreboka ikkje er så viktig i undervisninga, for læraren lagar ein raud tråd i undervisninga utan læreboka. Dei peikar på at det finst nettressursar som er lettare å halde oppdatert, og at innhaldet i lærebøker kan vere utdatert. (Bakken, Breivik & Aashamar, 2020). Jørgensen fortel i forordet sitt at «Forskning fastslår også at læreboka fortsatt har en sentral og stabil rolle i undervisningen.» (Jørgensen, 2019, s.V). For dei aller fleste stemmer det Jørgensen peikar på. Der er nokre unntak med digitaliserte skular der elevane ikkje får trykte bøker. Desse får likevel digitale versjonar av lærebøker. Vi kjem ikkje vekk ifrå lærebøker som verktøy i opplæringssamanheng. Det er god tradisjon for bruk av lærebøker i Noreg, og lærebøkene blir stadig utvikla for å tilpassast utviklinga i verda. Sannsynlegvis vil vi finne lærebøker i lang tid framover, og sidan lærebøkene framleis har ein sentral rolle i undervisninga er det høgst relevant å forske på nye lærebøker.

3 Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for mitt val av metode. Dette vil eg gjere ved å fortelje om prosessen bak valet av metode med bakgrunn i mi problemstilling. Samstundes ynskjer eg å få fram prosessen bak val av lærebøker til forskingsprosjektet. Vidare vil eg gjere greie for korleis eg har sett på enkeltelement i lærebøkene i mitt analysearbeid og grunngje kvifor eg

har sett på dei forskjellige elementa. Sist i kapittelet skriv eg om kva som sikrar kvalitet i studien og etiske aspektar.

3.1 Val av metode

Val av metode er alltid avhengig av problemstillinga. Metoden må samsvare med det ein ynskjer å finne ut. Formålet med dette forskingsprosjektet er å sjå på korleis sidemålet blir framstilt i lærebøker i norskfaget for elevar på 6. trinn i dag og å sjå om det er endringar frå B. K. Janssons forprosjekt tidleg på 2000-talet. Sidan målet er å sjå korleis lærebøkene framstiller sidemålet er det mest naturleg å gå direkte til lærebøkene for å finne svar. Dette vil eg gjere ved hjelp av ei metodetriangulering, der eg brukar element frå både kvantitativ innhaldsanalyse og kvalitativ innhaldsanalyse.

Innhaldsanalyse av lærebøker

Når eg ser på lærebøkene i mitt utval for å sjå på framstillinga av sidemål vil eg bruke innhaldsanalyse. Marienfield opererte med tre kategoriar av innhaldsanalyse basert på ein gjennomgang av forskning på skulebøker. «Den ene kategorien av metoder kalte han «tradisjonell-historisk» metode eller «hermeneutisk metode» eller også «deskriptiv-analytisk metode». Den andre kalte han «kvantitativ innhaldsanalyse», og den tredje for «kvalitativ innhaldsanalyse».» (Skrunes, 2010, s. 105). Eg har valt å bruke element frå kvalitativ innhaldsanalyse og kvantitativ innhaldsanalyse.

«I samfunnsvitenskapelig metodelære er kvalitativ innhaldsanalyse en vanlig og generell betegnelse på analyse av tekst for å kartlegge meningsinnhold» (Bratberg, 2021, s. 80). Når ein nyttar kvantitativ metode lagar ein nokre kategoriar ein bruker i analysen. Her brukar eg desse analysekategoriane når eg går eg i djupta på ein sidemålstekst frå kvar lærebok og ser på korleis desse er framstilt. Hensikta med ein kvalitativ innhaldsanalyse er å kartleggje meiningsinnhald, og i dette tilfellet blir det framstillinga av sidemål som er i søkelyset. Ein kan også seie at eg til tider nyttar komparativ innhaldsanalyse sidan eg samanliknar innhald i dei forskjellige bøkene. Komparativ innhaldsanalyse er ein metode der ein samanliknar to eller fleire dokument med kvarandre. Denne metoden kan ein sjå på som ein underkategori av

den kvalitative metoden, sidan ein ofte lagar kategoriar for å samanlikne dokumenta. I dette tilfellet er det dei fire lærebøkene som blir samanlikna.

Sidan eg forskar på trykte bøker gjer eg ein form for dokumentanalyse. «Dokumentanalyse omtales ofte som en type kvalitativ *innholdsanalyse* der forskeren samler inn data som skal analyseres for å få frem viktige sammenhenger og relevant informasjon om det eller de forhold i samfunnet vi ønsker å studere.» (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2021, s. 236). Kva grad sidemålet er integrert i læreboka og korleis det blir presentert er med på å fortelje om korleis sidemålet blir prioritert og kva meiningar forfattar og forlag har om sidemål. Formålet med denne dokumentanalysen er derfor å sjå på korleis sidemålet blir framstilt i lærebøkene og sjå om desse er påverka av den nye læreplanen og tek stilling til samfunnsdebatten kring sidemål.

For å sjå kor mykje plass sidemålet har fått i lærebøkene vil eg bruke element frå kvantitativ innhaldsanalyse. Når ein utfører ein kvantitativ innhaldsanalyse tek ein teksten frå kvarandre og brukar desse små tekstelementa til å danne eit datamateriale basert på tall. Kvantitativ innhaldsanalyse omhandlar i følge *Tekstanalyse for samfunnsvitere* (Bratberg, 2021) at ein delar opp tekstar i mindre og avgrensa einingar. Dette nyttast ofte til å lage ein statistikk over ordbruk, frekvensen på enkeltfraser eller språklege fenomen. Ein behandlar her tekst som datamateriale og trekk ut informasjonen ein behandlar frå teksten. Dette er lett å etterprøve sidan teksten er eit historisk materiale som ikkje endrar seg. Likevel treng ein ganske mange tekstar for å få ein god kvantitativ innhaldsanalyse. Med sidemålstekstar frå totalt fire lærebøker er det tvilsamt at eg kunne klare å komme opp i ei mengd tekstar som ville rettferdiggjere bruken av kvantitativ innhaldsanalyse som einaste metode.

Der er likevel element som ein finn i ein kvantitativ innhaldsanalyse som kan nyttast for å sjå på omfanget av sidemålstekstar i læreverka. Eg har laga ein tabell som systematisk viser kor mange tekstar eg finn på sidemål i kvar av bøkene, kva omfang desse tekstane har og kva sjangrar som blir nytta. For å få ein så høg målingsgrad som mogleg på innhentinga av data som omhandlar omfang kunne det vere aktuelt å telje orda i tekstane. Sjølv med eit lite korpus er dette er tidkrevjande. Jansson kommenterer i arbeidsrapporten sin at:

Å oppgi talet på tekster, slik der er gjort i tabellen, kan gi eit skeivt inntrykk, for her er det både korte og lange rekna som ei tekst. Å telje sider er heller ikkje uproblematisk, å operere med 1/4 sider osv. er ikkje tilfredsstillande. (Jansson, 2004, s.36)

Sjølv om det ikkje er heilt uproblematisk å telje sider, kan det likevel gje eit oversiktleg bilete av omfanget av sidemålstekstar i kvar lærebok. Hovudmålet med å ta med desse elementa frå kvantitativ innhaldsanalyse var å lettare få ei oversikt over datamaterialet og gje eit raskt bilete av kva omfang sidemålet har i kvar enkelt bok. Eit skjematisk oppsett gjer dette på ein enkel og ryddig måte.

3.2 Empiri og utval; Val av lærebøker til analyse

Kva bøker skal eg velje? I utgangspunktet hadde eg eigentleg tenkt å sjå på ei lærebok for enten 4. eller 7. klassetrinn for å lettare kunne knytte innhaldet i lærebøkene opp mot kompetansemåla i læreplanen. Der var berre eit problem. Det kom ut ny læreplan i 2020 og eg ville bruke bøker som følgde den nye læreplanen. Lærebøkene for 4. og 7. trinn er dei siste som kjem ut når det blir laga ny læreplan. Eg såg også at bøkene som var på nynorsk kom ut for sal fleire månader seinare enn bøkene på bokmål. I Digernes sin artikkel intervjuar ho forlagsdirektør Ulv Pedersen, statssekretær i Kunnskapsdepartementet Kristina Torbergsen og omsetjar Eirik U. Birkeland. (Digernes, 2022, s.6-7). Dei fortel at forlaga vanlegvis skriv lærebøker på bokmål og får dei omsett til nynorsk. Dette fører til at bokmålsbøkene er klare fleire månader før nynorskbøkene. Her kjem det også fram at det er vanskeleg for forlaga å komme fort nok med bøker når læreplanen var klar i november 2019 og skulle innførast hausten 2020. Forlaga kjenner på eit tidspress sjølv om statssekretæren i kunnskapsdepartementet meiner at dei har fått tilstrekkeleg tid til at bøkene skulle kunne komme ut samstundes.

Den nye læreplanen blir gradvis innført. (Utdanningsdirektoratet). Sjølv om den nye læreplanen for 4. og 7. trinn er innført, så kjem lærebøkene for desse trinna ut seint. Det er mogleg at desse kjem seint fordi skulane gradvis kjøper inn læreverk og derfor ventar eit år eller to med å kjøpe bøker til 4. og 7. trinn. Langlo og Iversen skriv i sin artikkel *Det ryker frå kopimaskinen i norsk skole* om korleis dårleg økonomi til innkjøp av bøker i skulen gjer at mange lærarar brukar tid på å kopiere kompendium til elevane sine som supplement til lærebøkene fordi lærebøkene er utdatert. (Langlo & Iversen, 2021).

Eg ville sjå på lærebøker frå anten 4. eller 7. trinn, men desse kjem ut etter at eg har levert denne masteroppgåva. Det var difor ikkje mogleg å ta eit av desse trinna. Då fall valet på å ta eit av trinna mellom dei to. Her håpar eg å finne at bøkene for 6. trinn er på eit høgare nivå enn det som krevjast av kompetansemåla for 4. trinn, men samstundes treng dei ikkje ha nådd kompetansemålet for 7. trinn. Sjølv om lærebøkene er komne ut for 6. trinn frå begge forlaga er det berre Norsk 6 som har lærarrettleiing i papirformat. Lærarrettleiinga for Fabel 6 er ikkje komen ut på papir. «Med *Fabel 1.- 7. Digital lærerveiledning til bøkene* får du tilgang til digitale versjoner av lærerveiledningene. (4. trinn og 7. trinn kommer i 2022).» (Aschehoug, 2022). Dette gjer at det ikkje er tilgjengeleg lærarrettleiing for læreverket Fabel 6.

Lærarrettleiinga er staden der lærarar kan få ekstra informasjon om korleis dei kan bruke læreverket og vil vere ein optimal stad å skrive inn noko om sidemålsopplæringa som eit supplement til den informasjonen som står i elevane si lærebok.

Eg forstod raskt at eg ikkje kunne ta for meg alle lærebøkene frå alle forlaga som var på marknaden og sjå på korleis kvar enkelt lærebok framstiller sidemålet. Det vart for mykje. Likevel ville eg sjå på framstillinga av sidemålet i lærebøker og om det var skilnader som var avhengig av målform. Eg bestemte meg for at eg måtte avgrense oppgåva til å gjelde lærebøker på eit trinn og totalt fire lærebøker, to på bokmål og to på nynorsk, frå to læreverk som følger nyaste læreplan. Eg ville også unngå å bruke læreverk eg har arbeid mykje med tidlegare. Det ville vere ein urettferdig fordel/ulempe for læreverk eg kjende frå før. Derfor valde eg læreverk eg ikkje hadde kjennskap til. Kriteria ved val av bøker var at læreverka skulle ha lærebøker på begge målformene og vere etter den nye læreplanen. Det vart valt totalt fire lærebøker frå to læreverk.

3.3 Analyse av enkeltelement rundt sidemålstekstar

Eg har som tidlegare nemnt valt å sjå på enkeltelement rundt ein sidemålstekst i kvar bok. Desse elementa kunne ein ha kalla *modalitetar* og eg kunne sett på tekstane sin *multimodalitet*. «Ordet viser til at alle tekster skaper mening på flere måter – gjennom forskjellige semotiske uttrykksformer – eller modaliteter – som bilder og språk.» (Blikstad-Balas & Tønnesson, 2020, s.111). For å kunne seie noko om korleis tekstane er presentert i boka er det derfor relevant å sjå på oppbygginga rundt teksten. «Hva slags font vi vi har valgt

å bruke, hvilke bilder vi inkluderer i ulike kapitler, og hva slags papir boka er trykket på, har viktige konsekvenser for teksten vår.» (Blikstad-Balas & Tønnesson, 2020, s.111). Her nemner Blikstad-Balas & Tønnesson berre nokon av elementa, eller modalitetane, som ein finn rundt teksten. Kvar av desse elementa skildrar noko rundt teksten. Når vi ser på dei samla sett kan vi seie om teksten utifrå desse elementa rundt glir inn som ein integrert del av læreboka.

Lærebøkene inneheld meir enn ein sidemålstekst, så sidemålsteksten eg vel å sjå på må vere representativ for resten av tekstane. Ved eit raskt blick på tekstane i kvar bok er det lite eller ingen skilnad på korleis sidemålstekstane i kvart læreverk er presentert. Skilnadane eg ser ved fyrste augekast er at fargebruken rundt nokon av tekstane er annleis. I bøkene frå Fabel 6 er det brukt fleire pastellfargar som bakgrunn til tekst i boka. Mesteparten av boka har kvit eller lysblå bakgrunn. Dette gjev ein visuell skilnad mellom nokre av tekstane, men det er såleis ikkje eit avvik frå layouten at det er den same skilnaden mellom sidemålstekstane som resten av tekstane. I bøkene frå Norsk 6 er det eigne fargetema for kvart kapittel, så skilnaden på fargebruk rundt den enkelte teksten er gjort på bakgrunn av kva kapittel den står i. Det er såleis ikkje grunnlag til å tru at ein tekst er betre eller verre plassert enn ein annan.

Lengda på sidemålstekstane i lærebøkene varierer. I dei utvalde lærebøkene er lengda varierande frå 11 ord i teikneserien frå *Pels og poter* (Anly & Kvinge, 2020, s.228) til eit 15 sider langt utdrag frå *Løven, heksa og kleskapet* av C. S. Lewis (Fjeld, Løkken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.140-159). Tekstane er fordelt på dei forskjellige sjangrane teikneserie, dikt, utdrag frå roman, barnebok, teaterstykke eller bildebok, novelle, tale, eventyr og saktekst. Det er derfor relevant å spørje om korleis ein kan sikre at den teksten ein ser på frå kvar bok er representativ for resten av sidemålstekstane i boka. Sidan eg ser på korleis ein tekst i kvar lærebok er presenterte er det ikkje lengda på teksten eller kva sjanger den har som står i fokus. Fokuset ligg på tematisk og grafisk integrering i læreboka. Eg valde å ta ein tekst på ei eller to sider fordi det var lett å få overblikk over alle elementa rundt ein tekst når ein ikkje må bla om mange gongar for å få oversikt. Samstundes passa eg på at eg såg element rundt teksten som var vanleg rundt dei andre sidemålstekstane i same bok. Tekstane valde eg fordi dei likna på framstillinga til resten av sidemålstekstane i det aktuelle læreverket. Eg vil derfor påstå at dei utvalde tekstane er representative for resten av sidemålstekstane i læreverka.

3.4 Kvalitet i studien, Validitet reliabilitet og studiens avgrensingar

Kva sikrar mitt prosjekt kvalitet? Her er det greitt å sjå på reliabilitet og validitet. «Reliabilitet handler om hvor robust en undersøkelse eller en konkret måling er, eller sagt med andre ord, om dataene er tillitvekkende eller til å stole på.» (Nyeng, 2021, s.105) Reliabilitet i dette prosjektet vil i stor grad handle om kor nøyaktig eg er i mitt arbeid med å samle inn data frå lærebøkene, kor presist eg presenterer det eg har observert i bøkene og om eg klarar å la det eg faktisk finn i bøkene vere det som vektar retninga til oppgåva. Det er vesentleg for reliabiliteten at eg har lagt arbeid i å plukke ut ein tekst som er representativ for resten av tekstane i læreverket når eg skal analysere ein tekst i læreboka. Det er fort gjort å gjere feil dersom ein ikkje tek seg tilstrekkeleg god tid til arbeidet. Hoppa eg over ei side eller to i ei av lærebøkene kan eg ha mista ei del av det datamaterialet eg skulle ha hatt. Slurv går utover reliabiliteten og kvaliteten til oppgåva.

Validitet handlar ifølge Nyeng (2021, s.109) om at ein undersøker akkurat det ein planlegg å undersøke og ikkje noko anna. Det vil også vere avgjerande om eg klarar å stille spørsmål som svarar på problemstillinga, eller om eg finn noko interessant å presentere som ikkje har med problemstillinga å gjere. Fokuset må vere på det ein skal finne ut. Å sjå på andre ting ein oppdagar undervegs er ikkje berre ein tidstjuv, men det dreg også fokuset vekk frå det ein skal undersøke. Om ein ser på alt anna blir det vanskeleg å svare på det ein faktisk spør om i problemstillinga.

Ein vil ofte forsøke å gjere noko som kan etterprøvast i forkinga. Dersom ein gjer ei undersøking om trivsel på ein skule og nokon andre gjer same undersøkinga på ein annan skule, så er det ikkje sikkert at resultata er i nærleiken av kvarandre. Det er også mogleg at dersom ein køyrer same undersøkinga på same skule tre år seinare er svara heilt annleis. Når ein forskar på menneske, så får ein berre eit augneblinksbilete av situasjonen akkurat der og då. Når ein forskar på bøker er det ikkje heilt likeins. Det er relativt enkelt å kunne etterprøve prosjektet mitt om nokon skulle ha lyst til å gjere dette. Sidan eg har eit fast korpus som eg forskar på kan kven som helst få tak i akkurat dei same bøkene, sjå over om eg har fått med meg alle sidemålstekstane i lærebøkene og sjå på multimodaliteten på dei same sidene som eg har gjort. Likevel er dette berre fire lærebøker som er tilgjengeleg akkurat no. Desse fortel

ingenting om korleis situasjonen er i andre lærebøker, eller korleis lærebøkene kjem til å utvikle seg. Det er på den måten eit situasjonsbilete av korleis sidemålet blir framstilt i akkurat desse fire bøkene.

3.5 Forskingsetikk

Ein må alltid tenke på forskningsetikken. Er dette eit prosjekt som er greitt å gjennomføre dersom ein ser på det med etikkens briller? Kva omsyn må eg som forskar ta for at dette skal vere i orden? I mitt prosjekt ser eg på lærebøker. Desse er utgjevne av forlag og publisert. Kven som helst kan få tak i desse bøkene. Her er det ikkje forskning på menneske, men på lærebøker nokon har laga. Det er derfor ikkje handtering av persondata og må ikkje godkjennast av NSD. Likevel må eg omhandle desse lærebøkene med respekt. Dette er nokon sitt arbeid. Eg må derfor gå fram på ein sakleg måte. Samstundes vel eg å tru at dei som har laga desse bøkene har gjort det for å i best mogleg grad dekke alle kompetansemåla som elevane skal gjennom. Dersom mitt prosjekt skulle vise at det er store forskjellar mellom dei to læreverka eller frå målform til målform, så kan det hende at det er fordi dei som laga bøkene ikkje har vært merksam på akkurat dette. Målet mitt skal ikkje vere å «ta nokon» eller hengje ut eit læreverk, for eg vil sjå på framstillingane av begge målformene som sidemål for å sjå om der er skilnader eller ikkje og gjere andre rundt meg merksam på omfang og framstilling av sidemål i lærebøkene. Ei lærebok er ein gjenstand der vi kan diskutere innhaldet, omfanget og kvaliteten, men det er viktig at ein held seg sakleg når ein gjer dette. Ingen er tent med ein usakleg argumentasjon gjort på bakgrunn av ei side i ei bok.

4 Analyse

I dette kapitlet vil eg legge fram og analysere funna mine. Her analyserer eg fyrst innhaldet av sidemålstekstar i lærebøkene. Dette fortel kvar ein finn sidemålstekstane i desse lærebøkene, kor mange sidemålstekstar det er snakk om og omfanget av sidemålstekstane. Vidare ser eg på ein sidemålstekst i frå kvar lærebok. Den aktuelle teksten er valt på bakgrunn av at den er presentert likeins som dei andre sidemålstekstane i læreverket og derfor er representativ for dei andre sidemålstekstane si framstilling i læreverket. Sist i kapitlet ser eg på oppgåver knytt til sidemålstekstar og oppgåver knytt til sidemål. Her er det spesielt fokus på oppgåvene knytt til sidemål for å sjå korleis sidemålet er framstilt gjennom oppgåvene i læreverka.

4.1 Innhald av sidemålstekstar i lærebøkene

Den lettaste måten å vise omfanget av sidemålstekstar i kvar bok er med eit skjematisk oppsett av kvar bok. I dette kapittelet finn vi tabellar som viser kor mange sidemålstekstar som er i kvar bok, kva desse tekstane heiter, kva sidetal dei er på og om der er oppgåver knytt til sidemål til nokon av tekstane. Omfanget er målt i sider. Dette er ikkje ein spesielt nøyaktig måling sidan eit lite dikt på fire linjer eller ei snakkeboble i ein kort teikneserie oppførast som ei side. Likevel fortel det noko om kor mange sider i boka elevane møter sidemålet sitt på.

Bok: Fabel 6		Målform: bokmål				
Namn på sidemålstekst	Mengd sider	Sidetal	Oppgåver		Sidemålsrelatert	
			Ja	Nei	Ja	Nei
Syskenringen	1	90	X			X
Prinsessene som var så flinke til å krangle	8	110-117	X			X
Katten	1	124	X			X
Eit nikk er nok	2	127-128	X			X
Tonje Glimmerdal	5	168-173	X		X	
Tonje Glimmerdal (teatermanus)	6	177-182	X			X
Kvithai	1	220	X		X	
Brevet frå krigen	4	228-231	X			X
Mengd tekstar	8	Sider totalt	28			

Fabel 6 Bokmål har totalt åtte tekstar på nynorsk. Totalt er det 28 sider med innhald på nynorsk. Dette er om lag 9% av boka. Det er oppgåver knytt til sidemål til to av desse åtte tekstane. Såleis er det sidemålsrelaterte oppgåver til ein fjerdedel av sidemålstekstane. Vi finn sjangrane dikt, novelle, utdrag frå barnebok og teaterstykke, eventyr og saktekst.

Bok: Fabel 6		Målform: Nynorsk				
Namn på sidemålstekst	Mengd sider	Sidetal	Oppgåver		Sidemålsrelatert	
			Ja	Nei	Ja	Nei
Snill	11	15-25	X			X
Jenta som ville redde bøkene	1	55	X			X
Jakten på en tyv	9	79-87	X			X
Læven hekse og kleskapet	15	140-159	X			X
«Alt i ett»-muffins	1	206	X			X
333 år på havets botn	7	208-214	X			X
De første dyrene i Norge	2	216-217	X			X
Vent nå litt – kva er egentlig fossiler?	1	218	X			X
Septemer; tirsdag	2	237-238	X			X
Mengd tekstar	9	Sider totalt	49			

Fabel 6 Nynorsk har totalt ni sidemålstekstar. Dette er ein sidemålstekst meir enn bokmålsversjonen av same bok. Totalt er det 49 sider på sidemål. Dette er over 16% av læreboka. Det er ingen sidemålsrelaterte oppgåver knytt til nokon av desse tekstane. Der er sidemålsoppgåver i boka, men desse oppgåvene er knytt til hovudmålstekstar. Sidemålstekstane er fordelt på sjangrane biletbok, novelle, utdrag frå roman, oppskrift, saktekst og dagbokstekst. Dette er ei litt anna samansetting av sjangrar enn bokmålsversjonen av boka. Samanlikna med bokmålsversjonen av same bok er det nesten dobbelt så mange sider med sidemålsinnhald i nynorskversjonen av boka.

Bok: Norsk 6		Målform: Bokmål				
Namn på sidemålstekst	Mengd sider	Sidetal	Oppgaver		Sidemålsrelatert	
			Ja	Nei	Ja	Nei
Songen	2	76-77	X			X
Monsteret	3	77-79	X			X
Svarte-Mathilda	1	132	X			X
Heidrun (10) donerte vekk håret sitt	2	212-213	X			X
Rekrutten (teikneserie)	3	243-245	X			X
Ferieplanar (teikneserie)	1	249		X		X
På gjennomreise	1	253	X		X	
Mengd tekstar	7	Sider totalt	12			

Norsk 6 Bokmål har totalt sju tekstar på sidemål. Desse er over totalt 12 sider. Nokon som er merksam vil sikkert leggje merke til at dersom ein legg saman tala under “Mengd sider” i tabellen for Norsk 6 Bokmål kjem ein til 13 sider. Grunnen til at eg har satt det til 12 sider i tabellen er fordi to av tekstane delar ei side. Tekstutdraga “Songen” og “Monsteret” nyttar omtrent halve side 77 kvar. Når eg tel sider med sidemålstekst som innhald så tel eg ikkje same side to gongar. Det er sidemålstekst på om lag 4% av boka. Der er ein tekst det ikkje er oppgaver til og ein tekst som er merka med at den har ei sidemålsrelatert oppgave. Årsaka til at eg har kryssa av for dette i tabellen med raud farge er at det kan diskuterast om det er tydeleg nok at denne oppgåva er ei sidemålsrelatert oppgave. Av sjangrar finn vi teikneseriar, dikt, artikkel og utdrag frå bøker.

Bok: Norsk 6		Målform: Nynorsk				
Namn på sidemålstekst	Mengd sider	Sidetal	Oppgåver		Sidemålsrelatert	
			Ja	Nei	Ja	Nei
Det er viktig	1	13	X			X
Takketale	1	64	X			X
Lik meg	8	82-89	X			X
Kongens nyttårstale (teikneserie)	1	91	X			X
H.M. Kongens tale	3	92-94	X			X
Hvor er stjernene om dagen?	2	190-191		X		X
Tastaturnatur	1	200	X			X
Pels og poter (teikneserie)	1	228		X		X
Amuletten (teikneserie)	5	255-259	X			X
Teikneseriehistoria (teikneserie)	3	264-266	X			X
Mengd tekstar	10	Sider totalt	26			

Det er totalt 10 sidemålstekstar i Norsk 6 Nynorsk. Sidemålstekstane er over 26 sider. Det er nesten 9% av boka. Av desse tekstane er der to som det ikkje er knytt nokon oppgåver til. Der er ingen sidemålsrelaterte oppgåver knytt til sidemålstekstane. Vi finn sjangrane teikneserie, tale, dikt og dagbok. Vi kan samanlikne dette med bokmålsversjonen av læreboka. Det er det tre sidemålstekstar meir i nynorskversjonen av boka. Om vi ser på mengd sider er det over dobbelt så mange sider med innhald på sidemål i nynorskversjonen.

Norsk 6 kan også samanliknast med Fabel 6. Her ser vi at Fabel 6 sine bøker generelt sett har meir sidemålsrelatert innhald enn Norsk 6. Det er ikkje like mange sider i Norsk 6 som i Fabel 6, men det er ikkje stor forskjell. Fabel 6 har rundt 300 sider i sine bøker, medan Norsk 6 har omtrent 290. Fabel har nokre sider meir, og ein kan då argumentere med at Fabel har meir plass til sidemålstekstar enn Norsk 6. Ser vi på prosentdelen av kvar bok så ser vi at boka med minst sidemålsrelatert innhald er Norsk 6 Bokmål med omtrent 4%. Norsk 6 Nynorsk og

Fabel 6 bokmål ligg begge på omtrent 9% sidemålsinnhald. Læreboka med mest sider med sidemålstekst er Fabel 6 Nynorsk med over 16% av sidene i boka. Bokmålsversjonen av lærebøkene har mindre sidemålstekstar i lærebøkene enn Nynorskversjonen av same bok.

Det er ikkje like stor skilnad på mengda sidemålstekstar frå lærebok til lærebok som på den totale mengda sider med sidemålsinnhald. I Fabel 6 er det ein tekst meir i nynorskutgåva enn i bokmålsutgåva. Norsk 6 Nynorsk har tre sidemålstekstar meir enn Norsk 6 Bokmål.

Samanliknar ein Fabel 6 Bokmål med Norsk 6 Bokmål ser ein at det berre er ein tekst som skil desse to bøkene på mengd sidemålstekstar i bøkene. Det er rimeleg å tru at det ligg meir tanke bak mengda sidemålstekstar i bokmålsutgåva av boka. Tekstane som er sidemålstekstar i nynorskutgåva var hovudmålstekstar i bokmålsboka. Ein kan lure på om det er tilfeldig kor mange tekstar og sider med sidemålsinnhald det er i nynorskutgåva. Når ein skriv eit læreverk på bokmål så er det ikkje utenkeleg at ein tek med fleire tekstar frå ulike kjelder som er skrivne på bokmål. Når ein så sender læreboka til omsetjing, så vil ikkje desse tekstane som er beskytta av åndsverklova kunne omsetjast. Det er truleg det som er grunnen til at nynorskutgåvene av lærebøkene har så mange fleire sider med sidemålsinnhald.

Samanliknar vi begge læreverka denne studien byggjer på, ser vi at det er fleire sider med sidemål i lærebøker på nynorsk enn i lærebøker på bokmål. Det er likevel slik at innhaldet kan variere frå læreverk til læreverk. Samanliknar vi Norsk 6 og Fabel 6 ser vi at sistnemnde har mest innhald på sidemål. Fabel 6 har ikkje berre fleire tekstar og fleire sider i sine lærebøker samanlikna med Norsk 6, men dei har også valt å leggje inn lengre tekstar enn Norsk 6. I utgangspunktet er det ikkje så stor forskjell på mengd sider i bøkene totalt, men uavhengig av om vi ser på kor mange sider som er nytta til sidemål eller prosentdelen sider med sidemål på er det tydeleg at Fabel 6 har meir innhald på sidemål i bøkene sine enn Norsk 6. Samanliknar vi Norsk 6 Nynorsk med Fabel 6 Bokmål ser vi at desse bøkene har omtrent same prosentdel innhald på sidemål. Vi kan også sjå at Norsk 6 Nynorsk har ti tekstar på tjueseks sider og Fabel 6 Bokmål har åtte tekstar på tjuette sider. Ser vi då på sjangervalet blant sidemålstekstane finn vi at Norsk 6 Nynorsk har teikneseriar, dikt, tale og dagboktekst. Teikneseriane i denne læreboka tek opp ti av dei tjueseks sidene med sidemålsinnhald. Det er ikkje mykje tekst å spore på desse sidene. Ei av desse sidene har ikkje eit einaste ord, men sidan den er del av ein teikneserie over fleire sider er den likevel tatt med sidan det er ein del

av den samansette teksten. Eg må også minne om at sjølv om det står at det er tjuseks sider med sidemålsinnhald tyder ikkje dette at det er tjuseks fulle sider.

Sjølv om Norsk 6 Nynorsk har meir sidemålsinnhald enn Norsk 6 Bokmål er det ikkje sagt at det er mykje sidemålsinnhald i denne. Norsk 6 Bokmål er den læreboka eg ser på som har minst innhald på sidemål. Sju tekstar på tolv sider fordelt på sjangrane teikneserie, dikt, artikkel og utdrag frå bøker finn vi. Den eine teikneserien er ei kort stripe, medan den andre er over tre sider. Til å vere teikneserie er det ein god del tekst på desse tre sidene der ein finn utdrag frå «Rekrutten» (Anly & Kvinge, 2020, s.243-245). Når ein ser på lærebokas totale innhald av sidemålstekstar er det sterkt avgrensa kva grad ein kan presentere elevar for sidemålet når ein har få tekstar med lite innhald. Det er dobbel mengd sider med sidemålsinnhald i nynorskvarianten. Bak i lærebøkene frå Norsk 6 finn vi eigne språksider der innhaldet er meir tilpassa hovudmålet. Dette er einaste staden innhaldet i bøkene er forskjellig. Truleg grunna omsetjing, som tidlegare er nemnt at er vanleg, er innhaldet eller i bøkene veldig likt. Ein kan då stille spørsmål med om det er tilfeldig kor mykje sidemål som er med i Norsk 6 Nynorsk. Tekstane som er på sidemål i denne boka er dei som ikkje kan omsetjast til Nynorsk. Forfattarane av Norsk 6 Bokmål har nok brukt ein del tid på å finne rette tekstane og lage eit heilskapleg uttrykk, og det heilskaplege uttrykket er bevart i nynorskversjonen. Om det var intensjonen å gje nynorskboka meir sidemålsinnhald er uvisst, men det kan tenkjast at hovudgrunnen til at det er meir sidemål i denne er at ein ikkje kunne omsetje dei tekstane. I Fabel 6 Nynorsk ser vi enda tydelegare teikn på at boka er omsett frå bokmål. Her finn vi førtini sider med sidemålsinnhald. Det er nesten dobbelt så mykje som Fabel 6 Bokmål. Her er det ikkje berre at det er nesten ein sjettedel av boka som er på sidemål som gjer at ein ser at boka er omsett. Om ein ser på oppgåvene som omhandlar sidemål er desse i Fabel 6 Nynorsk knytt til hovudmålstekstar.

4.2 Ein tekst i læreboka

I kapittel 3.2 la eg fram korleis eg valde ut ein sidemålstekst frå kvar bok. Der presenterte eg også enkeltelementa eg ville sjå på kring kvar tekst. Desse enkeltelementa vil samla sett kunne fortelje noko om korleis sidemålstekstane er framstilt i bøkene. Samla sett fortel enkeltelement som fargebruk, illustrasjonar, tilknytt tekst, oppgåver og plassering om grad av grafisk og tematisk integrering i læreboka. Ser ein på om sidemålstekstane er godt tematisk og

grafisk integrert kan ein argumentere for om sidemålet blir framstilt som ei likeverdig målform eller ikkje.

«Jenta som ville redde bøkene»

I Fabel 6 Nynorsk på side 55 finn vi eit tekstutdrag frå «Jenta som ville redde bøkene» av Klaus Hagerup. Dette tekstutdraget er på ei side og fortel litt om hovudpersonen og nokre grunnar til kvifor ho er så glad i bøker. Hovudpersonen, Anna, gruar seg til å bli eldre og finn trøyst i bøkene ho les. Anna les mykje. Utdraget er ikkje langt nok til å fortelje så mykje meir om Anna.



Figur 1 Foto av oppslag i Fabel 6.

(Fjeld, Løken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.55)

Plassering

Denne teksten er i starten av eit kapittel som omhandlar litterær samtale. Kapittelet ser blant anna på korleis ein kan samtale rundt litterære tekstar og tolking av innhaldet. Tekstutdraget er plassert rett etter introduksjonen til kapittelet og er første tekst som elevane skal arbeide med i kapittelet. Når ein opnar boka på oppslaget ser ein illustrasjon på venstre sida og ei side med tekst til høgre. Øvst på høgre sida er der ei tankeboble med tre korte tekstlinjer med noko å tenke på før og medan ein les teksten. Under desse tre linjene kom overskrifta og teksten. Teksten følger margen på venstre side av arket, men linjene har ulik lengd. På neste side finn ein ei halv side med oppgaver knytt til teksten. Ein må bla om for å sjå oppgåvene. Teksten, illustrasjonen og oppgåvene har fått god plass på sidene.

Denne teksten er integrert i boka på ein god måte. Saman med illustrasjonen er den ein fin tekst til å arbeide med litterær samtale. Dette er eit tekstutdrag som er opent for mykje tolking og undring. De fleste born gleder seg til å bli eldre. Bursdagen sin er noko born ser fram til og gleder seg til. I teksten møter vi ei jente som ikkje vil bli eldre. Dette opnar fint opp til samtale rundt kva som kan vere årsaka til at nokon, som Anna i forteljinga, ikkje gleder seg til å bli eldre. Ein kan også snakke om tema som folkehelse og livsmeistring i samanheng med

denne teksten. Ved å ta opp eit tema ved å snakke om ein fiktiv person kan ein få snakka om noko som kan vere vanskeleg, men samstundes ha distanse til det som blir diskutert. Her kan ein til dømes kunne snakke om psykisk helse i samanheng med kjenslene og tankane til Anna.

Utdraget passar godt til eit kapittel som omhandlar litterær samtale. Ein kan lett ta for seg dette utdraget og snakke med ei klasse om litterære verkemiddel, tolking og refleksjonar. At ein legg opp til at dette er ein tekst ein skal bruke til litterær samtale er ein av grunnane til at eg tenkjer at denne er godt plassert. Teksten kan gjerne bli litt tung og vanskeleg å gå i djupta på for enkeltelevar utan meir kontekst. Når det er lagt opp til at dette er ein tekst som skal samtalast rundt vil det bli lettare å klare å få fleire med på å forstå at det står mykje mellom linjene. Med ein 6.klassing er det ingen sjølvfølge at ein les meir og tolkar meir enn akkurat det som står rett ut på sida. Det var såleis eit lurt val av forfattarane å plassere denne teksten i eit kapittel der ein har fokus på å tolke, forstå og samtale om litterære verk. Det var også ideelt at dei har satt inn illustrasjonen på same oppslag. Her får ein mogleiken til å verkeleg gå i djupta på samspelet mellom tekst og bilete. Det opnar for at eit kan tolke biletet og teksten i ljøs av kvarandre.

Fargebruk

Bakgrunnen til sidene på oppslaget er kvit. Teksten er skrivne med svart. Saman med ein font som gjer at det er lett å lese, blir denne kontrasten mellom den svarte skrifta mot kvit bakgrunn veldig tydeleg. Dei korte linjene med svart tekst gjer at det er rom for mykje kvitt. Korte linjer og kvite felt på sida utan tekst og innhald gjer at teksten verkar lettlesn og overkommeleg.

Det er få element med farge på sida med teksten. Tenkebobla, som går at fleire stader i boka, er som eit lite lyseblått ikon øvst til venstre på sida. Øvst til høgre på sida står «arbeid med» i ei oransje skrift. Dette finn ein att i mesteparten av boka på sidene merka med «arbeid med». Sidetalet nede i høgre hjørnet er også oransje og står saman med kapittelittelen. Sidetal og kapittelitteltittel finn ein ikkje på sida med illustrasjonen, då det ikkje er plass til det utan at det kjem i konflikt med biletet.

Det er lite bruk av fargar i samanheng med teksten utanom illustrasjonen. Heile oppslaget er luftig, har god kontrast og har berre småelement der ein finn farge. Fargebruken på desse små elementa i boka er såleis eit designval som er gjort for heile boka, ikkje berre for den gitte sida. Likskapen mellom dei forskjellige elementa gjennom boka gjev boka eit heilskapleg inntrykk. Ettersom desse elementa er lik gjennom heile boka kan ein seie at det ikkje er gjort forsøk på å gjere noko annleis rundt sidemålsteksten.

Illustrasjon

Denne teksten er illustrert av Lisa Aisato. I kjeldelista til læreverket finn ein informasjon som er eintydig med at denne illustrasjonen er laga til denne teksten. Det er avbilda ei ung jente på biletet. Ho har raudbrunt hår som ikkje rekk ned til skuldrene. Der er ei klemme i håret hennar med eit grønt hjarte på. Auga hennar er også grøne og er innramma av eit par briller. Brillene er mørkegrå, mogleg at dei er av metall, og er rund i forma. Ho er lys i huden. Der er to raude kinn og ho er litt raud på nasetippen. Ho har eit dryss av frekner i andletet. Munnen hennar er raud. Ho har eit skeivt smil og skakkar så vidt på hovudet. Det ser ut som ho har på seg ein genser med rosastripete armar og raudoransje midtstykke. Om det er ein genser eller kjole er ikkje noko eg kan seie utifrå biletet, for biletet stoppar før vi kan sjå om ho har bukse, skjørt eller kjole. Hendene hennar held rundt tre bøker, ei gul, ei grøn og ei brun bok. Ho held bøkene inntil kroppen. Hennar venstre hand er falda rundt bokryggane medan hennar høgre hand ser ut til å støtte den venstre armen. Bakgrunnen er i gule fargetonar med ein mørkare valør mot botnen av biletet. Der er få harde linjer med unntak av ramma på brillene. Linjene elles er mjuke og det ser ut som det er brukt vassfargar.

Illustrasjonen går godt overeins med teksten. Teksten fortel at Anna snart fyller ti år og biletet skildrar ei jente som godt kan vere på denne alderen. Anna har eit uttrykk i andletet som opnar for mykje tolking. Blikket verkar for å vere litt tomt og saman med det skeive smilet kan ein kunne seie at ho ser litt trist ut, men at ho forsøker å skjule dette ved å smile. Dette samsvarar godt med teksten som fortel at Anna gruar seg til å verte eldre og vaksen.

Når ein ser på ein slik illustrasjon er det mykje ein kan sjå på. Her oppfattar eg det som at det er ein klar samanhengen mellom illustrasjonen og teksten. Ein kan enkelt sjå føre seg at jenta

på biletet er Anna frå teksten. Der er inga skildring av Anna sin utsjånad i tekstutdraget, så det einaste hintet vi får om korleis ho ser ut er alderen hennar. Jenta på biletet passar fint til ei snart ti år gamal jente. Ein kan sjå på korleis framstillinga av teksten blir påverka av denne illustrasjonen. I dette tilfellet er illustrasjonen eit klart blikkfang. Det er ein fantastisk bruk av fargar og illustrasjonen utfyller teksten på ein ypparleg måte. Her er det mogleg å snakke med elevane om korleis teksten og biletet utfyller kvarandre. Utan biletet ville kanskje nokon av elevane sjølv danne seg eit bilete av korleis Anna såg ut som ikkje går overeins med illustrasjonen. Og likeins kan nokre som ser illustrasjonen ha danna seg ein tanke om historia bak som ikkje stemmer med teksten. Samspelet mellom dette tekstutdraget og illustrasjonen syns eg er fantastisk. Dei spelar godt på kvarandre og gjev oss mogleiken til å sjå korleis bilete og tekst kan arbeide saman for å formidle ei forteljing.

Tilknytt tekst

Utanom oppgåveteksten er der lite tekst som er knytt til akkurat denne teksten.

Kapittelinnleiinga på oppslaget før omhandlar berre litterær samtale, kapittelets tema og nokre viktige ord i dette kapittelet. Dette er ikkje direkte knytt til teksten, men ein kan seie at plasseringa av teksten opnar for at det skal vere ein litterær samtale rundt teksten.

Oppgåver

Der er to typar oppgåver knytt til denne teksten, «samtale» og «utforsk språket». Under samtaleoppgåvene er der spørsmål om kva ein får vite om Anna og refleksjonsoppgåver knytt til kvifor ein trur Anna elsker bøker og kva ho meiner med ei utsegn. Der er det også ei oppgåve som går på kvifor elevane sjølv likar å lese og kvifor det kan vere nyttig med ein litterær samtale.

Under oppgåvene der ein skal utforske språket skal ein sjå på korleis illustrasjonen og teksten utfyller kvarandre. Her skal ein sjølv finne ting i teksten som ein ikkje kan sjå på illustrasjonen og skildre noko som illustrasjonen viser, men som ikkje teksten fortel. Der er også ei oppgåve som går på å finne gjentekne ord i teksten og skrive kva ein sjølv trur at er årsaka til at desse orda blir gjentekne. Oppgåvene er skrivne på elevane sitt hovudmål. Desse

oppgåvene passar godt til teksten og kapitlets tema, men der er ingen oppgåver som går direkte på sidemål.


Som tidlegare nemnt er der eit snakkebobleikon øvst til venstre på sida med tekst. Der står det tre linjer; «Les overskrifta og sjå på illustrasjonen. Kva trur du teksten handlar om? Kva for ein sjanger er dette?» (Fjeld, Løkken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.55). Denne korte instruksjonen kan ein sjå på som ei oppgåve, men den er ikkje merka som ei oppgåve i boka. Det kan vere at grunnen til at denne oppgåva er plassert i ei snakkeboble er at det er meininga at den skal gjerast munnleg før ein les. Desse tre linjene er meint som noko å tenke over før ein les og medan ein les. Linjene er skrivne på hovudmål og er meint til å få lesaren til å tenke allereie før lesinga av sjølve teksten startar. Snakkebobla gjev såleis informasjon om at formålet med lesinga av denne teksten er å finne ut kva den handlar om og identifisere sjangeren.

Heilskapleg integrering

Totalt sett vil eg seie at denne sidemålsteksten er veldig godt presentert i læreboka. Teksten skil seg på ingen måte ut korkje grafisk eller tematisk. Eg skulle gjerne sett at det under «utforsk språket»-oppgåvene, som er knytt til teksten, var oppgåver som også gjekk på å utforske sidemålet. Samtidig er det faktum at oppgåvene fokuserer på temaet med på å likestille sidemålsteksten med hovudmålstekstane i boka. Det er ikkje gjort noko forsøk på å poengtere at denne teksten er på sidemål. Vi ser same tendensen rundt dei andre sidemålstekstane i boka.

«Eit nikk er nok»


I Fabel 6 Bokmål på side 127 og 128 finn vi novella «Eit nikk er nok» av Erna Osland. Denne novella fortel om hovudpersonen, Brage, når han er i eit basseng i Syden. Brage badar i bassenget. Under vatnet møter han ei jente.



Figur 2 Foto av oppslag i Fabel 6. (Fjeld, Løkken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.127)

Plassering

Denne novella er plassert i eit kapittel om å skrive egne tekstar. Den er to sider lang, men er plassert slik at ein må bla om for å lese siste halvpart. På oppslaget der teksten startar finn ein først ei side med oppgåver knytt til tekst på sida før. Øvst på den høgre sida er det ei lita oppsummering av kva ein har møtt så lang i kapitlet og eit hint om kva ein skal lese vidare. På neste oppslag ser ein siste halvdel av teksten og ei side med oppgåver, ein illustrasjon og ein faktaboks. Det er



Figur 3 Foto av oppslag i Fabel 6. (Fjeld, Løken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.128)

god plass på sidene rundt teksten. Teksten følger margen på venstre side av sida. Der er nokon korte linjer, men ingen av linjene går lenger enn 2/3 inn på sida i forhold til tilgjengeleg plass. Der er også eit lite tomt felt under tekstens slutt der det ikkje er noko.

Det første eg legg merke til når eg kjem til sida med denne teksten er at det er to overskrifter på sida. Øvst ser vi ei overskrift i lys grøn skrift; «Et møte under vann». (Fjeld, Løken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.127-128) Dette er ikkje uventa når ein ser på fargebruken i resten av boka. Omtrent same grønfarge er brukt på overskrifter og andre element som informasjonsboksar og små illustrasjonar gjennom heile boka. Noko av det som er mest interessant er at denne overskrifta er nytta som del av eit frampeik til sidemålsteksten. Dei to linjene under denne overskrifta summerer opp alt som har hendt tidlegare i kapitlet og stiller spørsmål om kva som vil hende i møtet under vatn. Ein kan jo spørje om det eigentleg er naudsynt med denne vesle teksten med ei stor overskrift over. Andre stader i boka er det nytta ei tenkjeboble for å stille spørsmål til lesaren før dei les teksten. Dette oppsettet med ei stor overskrift, oppsummering og frampeik ser vi ikkje i samanheng med andre tekstar i denne boka, men eit slikt oppsett ser vi fleire stader i samanheng med oppgåver. Det kan derfor sjå ut som sidemålsteksten er meint å vere ein del av oppgavesettet. Novella gjer seg godt i den samanhengen ho er sett. Likevel er det litt ugunstig å måtte bla om for å kunne lese den. Sidan denne er omtrent to sider lang ville det vore plass til å ha heile teksten samla på eit oppslag.

Dersom teksten er del av eit oppgavesett er det likevel gitt overraskande mykje plass til teksten. I denne læreboka har oppgåvene nummerering per kapittel. Det vil seie at det berre startar på nytt i teljinga av oppgåver når det startar nytt kapittel. Tek ein dette i betraktning er det berre oppsettet med dei to overskriftene og den sterke tilknyttinga til oppgåvene etter

teksten som tyder på at teksten er meint å vere ein del av oppgåvesetet. Kapitteltema i seg sjølv kan derfor vere forklarande. Dette er eit kapittel om skriving. Utanom læreboktekst er det berre denne novella og eit dikt i dette kapittelet. Resten av kapittelet er oppgåver med skriverammer, samtale om oppbygging og innhald, samt evaluering av eiga læring. Med eit kapittel som er prega av oppgåver for utvikling av skriveferdigheiter er det imponerande at forfattarane har lagt inn to sidemålstekstar som eksempel. Totalt sett vil eg påstå at sidemålet blir presentert på ein positiv måte.

Fargebruk

Bakgrunnen på sidene til denne teksten er i blåtonar. Det ser ut som om bakgrunnen imiterer vatn. Når ein ser på sidene er det lyst øvst på sida og blir mørkare nedst på sida. Nedst til venstre er der eit mørkare felt som kan sjå ut som ein skugge. Øvst på første sida til teksten er ei grøn overskrift, «Et møte under vann», før oppsummering og frampeik i svart skrift. Deretter kjem tittelen til teksten. Tittelen og resten av teksten er skriva med svart og ein font som er lettlesen. Den farga bakgrunnen er ikkje så mørk at det blir vanskeleg å lese, men det blir eit litt mindre hardt inntrykk når kontrasten ikkje er like stor som svart-kvitt.

Med nokon unntak er tekstane i denne læreboka på kvit bakgrunn. Unntaka er hovudsakleg tekstboksar, snakkebobler og liknande. Desse er i ein solid farge med god kontrast til tekstfargen. Der er også eit par framsidebilete til kapittel der det er lagt inn eit par linjer tekst. Sidemålsteksten «Eit nikk er nok» er eit unntak blant dei lengre tekstane. Her er bakgrunnen som eit bilete av vatn med lys, rørsle og skuggar. Eg antar at bakgrunnen er laga med den intensjon at den skal fungere som ein illustrasjon sidan det ikkje er andre illustrasjonar til teksten. Dette er med på å få teksten til å skilje seg litt ut grafisk frå resten av boka. Likevel er det så hyppig bruk av illustrasjonar og fargar i boka at ein må sjå etter skilnader for å faktisk oppdage at det er gjort noko annleis med sidene til denne teksten.

Illustrasjon

Der er ingen illustrasjon av innhaldet i denne teksten. Under oppgåvene ser vi ein illustrasjon av ein hai som er merka med innleiing, hovuddel og avslutting. Der er også nokre bobler med

forklaringar til dei ymse delane av hai-illustrasjonen. I oppgåvene skal elevane sjå om dei kan finne dei ulike delane som hai-illustrasjonen representerer i novella.

Ein kan argumentere for at bakgrunnen til sidene er illustrasjon til denne teksten. Den imiterer vatn med ljusbryting og skuggar og novella handlar om eit møte under vatnet i eit basseng i Syden. Likevel ser ein ingen andre element enn ein sjattert bakgrunn i blått. På side 303 står det liste over foto og illustrasjonar i boka. Her er side 127-128 under foto merka som «bakgrunnsfarge; mythja/iStock» (Fjeld, Løkken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.303). Ut frå dette trur eg at dei som laga boka har sett på dette som ein passende bakgrunnsfarge, men ikkje tenker på det som ein illustrasjon.

Tilknytt tekst

Over novella finn ein «Et møte under vann. Så langt har du møtt en katt og laget en kort forteljing eller et dikt. Nå skal du få bli med på et møte under vann. Ja, kven kan møtes der?» (Fjeld, Løkken, Masdal & Taraldsen, 2021, s.127). Overskrifta og dei to siste setningane gjev eit frampeik om kva som hender i teksten ein skal lese. Etter å ha lese det vesle avsnittet på boka sitt hovudmål forventar ein å lese ein tekst om nokon som møtast under vatnet. Spørsmålet som er stilt på slutten kan ha som hensikt å få lesarane til å bli nyfiken på kven som kan møtast under vatn.

Etter teksten finn vi tilknytte oppgåver og informasjonstekst om noveller. Sidan denne teksten er ei novelle er informasjonsteksten om noveller relevant for å få eit innblikk i sjangeren. Informasjonsteksten er ikkje direkte knytt til novella. Dei kunne nytta novella ved å dra inn eksempel i informasjonsteksten, men lar heller elevane sjølv i oppgåva ovanfor sjå på dette.

Oppgåver

Til denne novella har vi samarbeidsoppgåver og samtaleoppgåver. Ved å samarbeide skal elevane finne ut kva novella handlar om, kva vi får vite om hovudpersonen og kvar handlinga utspelar seg. Her skal elevane også finne ord som blir gjentekne og tenkje over kvifor akkurat desse orda blir brukt fleire gonger. Elevane skal også finne skildringar av personar og stader. I samtale skal dei saman finne ut kva dei vil definere som innleiing, hovuddel og avslutting til

denne novella. Her kan ein få hjelp av hai-illustrasjonen med informative bobler og informasjonsteksten om noveller.

«Det er viktig»

I Norsk 6 nynorsk på side 13 finn vi diktet «Det er viktig» av Jan Erik Vold. Diktet får fram at det som er viktig for ein person ikkje alltid er viktig for ein annan. Det er ikkje alltid at ein er einig om kva som er viktig. Diktet er skriva med enkle ord. Ein kan tolke det som at det kan handle om at born fortel vaksne rundt seg om det dei meiner er viktig, men dei som er vaksne høyrer ikkje etter for dei har andre ting som dei meiner er mykje viktigare å tenkje på. Samstundes kan det også tolkast som om det er ein minoritet som fortel majoriteten kva dei meiner er viktig, men for majoriteten er det kanskje noko anna som er så viktig at minoriteten ikkje høyrast.



Figur 4 Foto av oppslag i Norsk 6. (Anly & kvinge, 2020, s13)

Plassering

Denne sidemålsteksten kjem tidleg i læreboka. Den er blant dei fyrste tekstane i det fyrste kapittelet. Her er med andre ord ikkje gjort noko forsøk på å vente med sidemålstekstar i denne boka. Her ser det ut som at forfattarane har fokusert på at teksten skal brukast i den tematiske samanhengen ein finn i det fyrste kapittelet. Kapittelet heiter «Di meining tel». I kapittelet får elevane møte omgrepa appell, argumentasjon, diskusjon, meiningar og grunngevingar. Kapittelet handlar om korleis ein kan gje uttrykk for sine meiningar på ein god måte. Her fortel også boka korleis ein kan spele på kjenslene til andre eller bruke eksempel for å få fram eit poeng.

På oppslaget ser vi diktet «Det er viktig» på høgre sida. Det har fått nesten ei heil side aleine. Der er 4 oppgåver under diktet som handlar om innhaldet i diktet og tema vi kan tenkje på utifrå diktet. Der er også ein illustrasjon ved sidan av diktet. Til venstre på oppslaget er der

ein tekst med tittelen «Viss du fekk bestemme...» og ei illustrasjonsteikning av stortinget. Denne teksten startar med å få lesaren til å sjå for seg at den bestemte alt i landet vårt før den seier at vi heldigvis ikkje har berre ein som bestemmer, men at vi har demokrati. Denne teksten seier litt om kvifor det er nyttig å lære seg å argumentere og få fram meiningane sine. Diktet passar fint inn i denne settinga. Ser ein berre på korleis heilskapen presenterer sidemålsteksten i denne læreboka på nynorsk så er framstillinga særst god. Her er det stort fokus på kva teksten formidlar og målform ser ut til å vere irrelevant.

Det ser ikkje ut som om det er tenkt over at denne teksten er ein sidemålstekst. Den er så godt grafisk og tematisk integrert i boka at den ikkje skil seg ut på nokon måte. Ei mogleg forklaring på kvifor denne teksten er så godt plassert kan vere at dette er ei bok som er omsett frå bokmål til nynorsk. Forfattarane laga boka på bokmål og brukte då dette diktet som ein del av første kapittel. Diktaren skreiv diktet på bokmål, og ein kan ikkje endre på nokon sitt livsverk utan vidare. Diktet er derfor brukt på bokmål i både bokmåls- og nynorskversjonane av læreboka.

Fargebruk

Oppslaget er lyst og luftig. Sidene er kvite og det meste av teksten er svart. Eit unntak er overskrifta. Den er blå. Dette er eit kapittel som tek opp omgrep som argument, meining, påstand, appell retorisk spørsmål og demokrati. Fargen kan såleis ha vært eit forsøk på å dra parallellen til høgresida i politikken. Det er også mogleg at fargen er nytta utan at det er politisk påverknad som ligg til grunn. Blåfarge finn vi også på himmelen. Om ein tolkar det som himmelfargen, så kan det symbolisere noko som er større enn ein sjølv er. Himmelblå kan også symbolisere eit ideal. I eit kapittel der det handlar om mellom anna meiningar, er idealet som er framstilt at alle blir sett, høyrte og respektert for sine meiningar.

«Blått symboliserer trofasthet og stabilitet, men også indre ro, intuisjon eller stillstand.» (Mørstad & Tschudi-Madsen, 2021). Sidan fargen også kan symbolisere trufastheit kan det i samanheng med eit kapittel om meiningar tyde at ein skal vere trufast til eigne meiningar og stå for det ein meiner. Ein finn att omtrent same fargen på namnet til forfattaren under diktet og på overskrifta til den andre teksten på oppslaget. Dette er ikkje ein standard overskriftsfarge for heile boka, men ein finn omtrent same fargen i resten av kapitlet. Det ser ut som om forfattarane har nytta ein farge i overskrifter og tekst i kvart kapittel. I dette

kapittelet er fargen lyseblå nytta som eit fargetema gjennom kapittelet. Boka integrerer såleis denne sidemålsteksten i sitt grafiske oppsett på ein god måte.

Illustrasjon

Ved sida av diktet er det ein illustrasjonen av Mona Finden. Ho har illustrert mesteparten av boka. Finden har teikna ein gut i hettegenser som peikar ut av boka og mot lesaren. Det er mogleg at guten på Illustrasjonsbiletet peikar ut på lesaren for å understreke innhaldet i diktet. Hettegenseren er blå. Fargen kan ha blitt plukka ut for at illustrasjonen skal passe ekstra godt inn i eit kapittel der det er mykje blått. Som tidlegare nemnt står fargen blått for trufastheit og stabilitet kan det at guten er kledd i blått tyde på at han er til å stole på. Hettegenser er eit vanleg plagg å bruke for elevar på alderen denne boka er for. Det er noko elevane kjenner at og kan gjere at dei identifiserer seg lettare med guten i illustrasjonen. Guten har ikkje på seg hetta. Den ligg fint rundt nakken. Der er to snorer til hetta. Snorene er himmelblå. Snorene heng nedover gensen i forskjellig lengde. Håret til guten er brunt og luftig. Auga også er brune. Det ser ut som om han har eit glimt i auga. Guten har eit forsiktig smil. Han ser vennleg ut. Den eine handa er ned langs sida og syns ikkje på illustrasjonen. Handa som peikar har enkle, men fine detaljar. Det ser ut som guten har ein ekstra finger. Fire fingrar er som ein knyttneve og har tommelen som eit band på undersida bort til den nest minste fingeren. Fingeren han peikar med er øvste punktet vi ser på handa. Han peikar litt oppover, så vi kan sjå kvar ledda på fingeren er.

Tilknytt tekst

Det er ikkje direkte tilknytt tekst til diktet «Det er viktig». Der er ein læreboktekst på sida til venstre på oppslaget. Denne får elevane til å tenkje på kva dei ville gjort dersom dei fekk bestemme i Noreg og kor heldige vi er som bur i eit demokratisk land der ein kan stemme fram dei som skal styre landet. Tematisk sett er desse tekstane knytt til kvarandre.

Lærebokteksten fortel om demokrati og at fleirtalet bestemmer og diktet fortel om at noko som er viktig for ein person ikkje nødvendigvis er viktig for ein annan. Ser ein på desse tekstane med ein samanheng kan ein seie at diktet kan ta opp kjensla til ein del minoritetar. Dette passar godt til det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap i læreplanen.

Oppgåver

Vi finn fire oppgåver knytt til denne teksten. Den fyrste oppgåva går på å lese diktet fleire gongar og variere lese måten. Her skal også elevane få diskutere kva dei trur at forfattaren ynskjer å formidle med diktet sitt. Resten av oppgåvene går på temaet demokrati og medborgarskap. Her skal elevane lage lister over det som er viktig for dei og diskutere korleis dei kan ha respekt for andre sine meiningar. Dei skal også diskutere om alle slags meiningar har krav på respekt og grunnleggje si meining om saka. I den samanhengen dette diktet er så forventar eg ikkje at det skal vere oppgåver knytt til sidemålet til teksten. Årsaka er kva kapitlet handlar om. I eit kapittel om argumentasjon, deling av meiningar, appellar og retoriske spørsmål ventar eg ikkje å finne oppgåver om sidemål. Likevel kunne det vært gitt ei oppgåve der ein vart oppmoda om å nytte sidemålet til å skrive eit kort dikt i same stil som «Det er viktig».

«På gjennomreise»

I Norsk 6 Bokmål finn vi på side 253 eit dikt av Marit Tusvik. Diktet heiter «På gjennomreise» og handlar tilsynelatande om ein flodhest som gjekk gjennom gatene i ein by. Dette er ikkje eit syn vi møter kvar dag. Det har potensiale til å setje fantasien vår i sving.

Ein kan tolke det slik at flodhesten er eit bilete for noko som er annleis. Den som er annleis forsøker å gå rundt i eit samfunn der den skil seg ut. Spørsmålet som ein mann stiller; «Kvifor går du her gjennom gatene våre, du – eit typisk sumpdyr?» (Anly & Kvinge, 2020, s. 253) kan tolkast som om ein spør kva ein gjer der fordi ein er ein stad der andre rundt ein meiner at ein ikkje høyrer heime.

Plassering

Dette diktet finn vi i eit kapittel som omhandlar teikneseriar. I dette kapitlet skal elevane utforske teikneserie som uttrykksform. Dette er det lagt opp til i boka at dei skal gjere ved å lese teikneseriar, tolke innhaldet og lage eigne teikneseriar. På oppslaga før og etter oppslaget,



Figur 5 Foto av oppslag i Norsk 6. (Anly & Kvinge, 2020, s.253)

som diktet «På gjennomreise» står på, er det teikneseriar og oppgåver knytt til desse teikneseriane. Det er tydeleg at diktet er meint som eit eksempel og inspirasjon til å få elevane til å lage sine egne teikneseriar. Dette kjem spesielt godt fram i oppgåve 5 der det står at elevane skal skrive sin eigen versjon av diktet og lage ein teikneserie. Her er det verdt å nemne at det kan førekomme forskjellar i bøker av forskjellig opplag. Boka eg har nytta er frå 3. opplag.

På oppslaget der vi finn dette diktet er det to ganske like sider. Diktet er plassert på øvst til venstre på øvre halvdel av høgre sida. Under diktet, på nedre halvdel, er der oppgåver knytt til diktet. Til høgre for diktet er der ei ramme med eit fotografi av ein flodhest og tre korte linjer med forklaring på kvifor flodhesten blir kalla akkurat flodhest. Grafisk sett er denne teksten godt integrert i boka. Ein finn same form for oppsett rundt andre tekstar. På same oppslag finn ein også ein annan tekst med eksakt same oppsett som «På gjennomreise». Sidene er veldig like, med likt oppsett og same fargebruk. Der er diktet «En frosk begikk et bankrøveri» av Jakob Martin Strid. Strid har fått diktet omsett til begge målformene, så i nynorsk boka finn ein nynorskversjonen «Ein frosk hadde rana ein sparebank». Ein interessant tanke her ville vere om ein hadde bytt om i bøkene, så nynorskversjonen av diktet sto i bokmålsboka og bokmålsversjonen av diktet sto i nynorsk boka. Om ein då knytte sidemålsoppgåver til den teksten ville det vere relativt likt utgangspunkt uavhengig av målform.

Tematisk sett er denne teksten avhengig av oppgåvene for å høyre heime i dette kapittelet. Det er heilt klart eit dikt som kan gje bilete i hovudet av ein stor flodhest som vandrar gjennom gatene i ein by, men det er ikkje ein teikneserie. Biletet som er knytt til teksten er eit fotografi. Her kunne ein enkelt sett inn ein illustrasjon av ein teikna flodhest i ei gate i staden. Dette ville kanskje gjort avstanden frå dikt til teikneserie litt mindre. Totalt sett er sidemålsteksten godt integrert i boka.

Fargebruk

Sidene på dette oppslaget er kvite. Diktet er plassert på ein lysegrøn firkant. Den lysegrøne fargen er ikkje ein skarp farge. Fargen er ganske dus pastellfarge. Det kan sjå ut som om der er ein mørkare grøn firkant, med same storleik som den lysegrøne firkanten, bak den

lysegrøne firkanten. Denne mørke firkanten ser vi fordi den er «vridd» nokre grader mot venstre så kantane stikk fram frå den lysegrøne firkanten. Den same mørkegrøne fargen er brukt på namnet til forfattaren av diktet, bak ramma til fotografiet med forklaring og på teksten til denne forklaringa. På ramma til fotografiet er det mørkegrøne vridd andre vegen. Ramma til fotografiet er kvit. Tittelen og diktet er skrive med svart skrift på den lysegrøne bakgrunnen. Sidan bakgrunnen er i ein mjuk og lys farge er det lett å lese diktet når skriftfargen er svart. Kontrasten blir ikkje så stor som ved svart-kvitt, men det er framleis veldig lett å lese teksten. Eg oppfattar den lysegrøne bakgrunnen som ein behageleg bakgrunn til den svarte skrifte. Bildeteksten som er under fotografiet var skrive i mørkegrøn på kvit bakgrunn. Også her er kontrasten stor nok til at det går greitt å lese. Det vil nok vere hakket vanskelegare å lese forfattarens namn for enkelte, sidan det er skrive med mørkegrøn tekst på lysegrøn bakgrunn. Likevel er kontrasten mellom den lysegrøne og mørkegrøne stor nok til å kunne lesast.

Illustrasjon

I dette tilfellet er eit fotografi brukt som illustrasjon. Fotografiet syner ein flodhest. Ein ser berre øvre halvdel av flodhesten. Flodhesten på biletet ser roleg ut. Lyset treff flodhesten frå høgre sida av biletet. Det gjer at vi ser vêrhåra, fargesjatteringar og andre små detaljar best på høgre sida av biletet. Sidan lyset treff frå høgre blir venstre sida mest skuggar. Bak flodhesten kan vi skimte vatn. Biletet er for lite til å kunne fortelje oss om vatnet vi ser er ei stor elv, eit basseng eller eit vatn. Vatnet er i blågrå lyse fargetonar. Det er lite bevegelse å sjå i vatnet. Sidan biletet er lite og har zooma inn på flodhesten er det alt vi ser. Vi ser ikkje meir av omgjevnadane.

Om ein ser på diktet bokstaveleg så står det om ein flodhest som går gjennom gatene. Det er derfor eit visst samsvar mellom det vi les og det vi ser på fotografiet. Likevel er det ikkje alt som stemmer overeins mellom biletet og teksten. I diktet går flodhesten i gatene og blir kalla sumpdyr. På biletet ser vi ein flodhest og ei stor mengd vatn. Biletet skildrar fint korleis ein flodhest ser ut, og det var nok akkurat det som var meininga med biletet.

Tilknytt tekst

Av tilknytt tekst er det berre dei tre linjene under fotografiet og oppgåveteksten. Der er teksten skrivne på hovudmålet til lesaren. Dei tre linjene passar veldig godt til biletet. Linjene forklarar kort kvifor flodhesten heiter akkurat flodhest. Dette er utfyllande informasjon som ein eigentleg ikkje treng for å kunne lese diktet.

Oppgåver

Oppgåvene går på oppsummering av handlinga i diktet, kva bilete, tolkingar og tankar ein gjer seg, og å skrive ein ny versjon av diktet som skal lagast teikneserie av. Oppgåva seier at elevane skal lese gjennom diktet. Sidan denne oppgåva oppfordrar elevane til å lese sidemål kan ein kunne argumentere for at den er sidemålsrelatert. Nedst i oppgåvene finn vi også eit eksempel; «Katten gjekk gjennom kjøpesenteret» (Anly & Kvinge, 2020, s. 253). Der er det brukt preteritumsforma til sidemålet på ordet «gjekk». Dette eksempelet er difor å rekne som sidemål. Det står ingen stad at elevane skal eller burde skrive sin versjon av diktet på sidemålet, men ein kan tenkje seg til at dei opnar for det i boka, sidan eksempelet er knytt til sidemålet og ein i følgje oppgåva berre treng å bytte ut nokre ord. I lærarrettleiinga på side 17 er det nemnt at ein kan nytte eit opplegg frå Nynorsksenteret, men det står ikkje noko om dette på sidene i lærarrettleiinga som omhandlar sidene til teksten. Sidan teksten er på side 253 er det lite sannsynleg at ein hugsar at ei kan bruke opplegget til Nynorsksenteret når ein kjem så langt ut i boka. Det er heller ikkje sagt at ein ikkje kan bruke opplegget utan å nytte det på sidemål.

4.3 Oppgåver knytt til sidemål

Det er forskjell mellom læreverka og dei forskjellige lærebøkene på korleis dei har valt å legge opp til oppgåver knytt til sidemålstekstane i bøkene. Det er også forskjell på korleis det er lagt opp til sidemålsrelaterte oppgåver. Fellesnemnaren for alle bøkene er at det i stor grad er lagt opp til at oppgåvene skal reflektere kapitteltema og tekstens innhald meir enn målform. Som vist i tabellane i 4.1 har Fabel 6 Bokmål og Fabel 6 Nynorsk oppgåver knytt til alle sidemålstekstane i begge bøkene. Norsk 6 Bokmål har ein tekst utan oppgåver til og Norsk 6 Nynorsk har to tekstar utan oppgåver til. Dette heng nok nøye saman med kva slags type tekst desse sidemålstekstane er. To av dei tre tekstane som det ikkje er knytt oppgåver til er korte teikneseriestriper. Desse er mest meint som eit humoristisk innslag i læreboka og er nytta som

eksempel i samanheng med læreboktekstar. Den siste sidemålsteksten er eit dikt med mange spørsmål i. Dette er plassert i starten av eit kapittel om spørsmål og svar og fungerer som ein introduksjon til temaet. Det er såleis ikkje naudsynt med oppgåver til alle tekstane.

Ein merkar også på oppgåvene at læreverka er skrivne på bokmål og omsett meir eller mindre direkte til nynorsk. I Fabel 6 Bokmål er det lagt opp til sidemålsrelaterte oppgåver knytt til eit par av sidemålstekstane. Desse oppgåvene er i samanheng med teksten «Kvithai» og utdrag frå «Tonje Glimmerdal». Felles for alle desse oppgåvene er at dei er knytt til tekstar på nynorsk. Desse oppgåvene går i hovudsak ut på å bli kjent med enkeltord ved å omsetje ord som står i sidemålsteksten til hovudmål. I ei oppgåve får ein også utlevert ei liste med ord på hovudmål som ein skal omsetje til sidemål. Her er det mogleg å leite i tekstane oppgåvene er knytt til og finne svara i boka. Ser vi på Fabel 6 Nynorsk så er det omtrent identisk der. Desse tekstane står på nynorsk i begge bøkene og oppgåvene er heilt like med unntak av målforma dei er skrivne på. Sidemålsoppgåvene i bokmålsutgåva av boka er knytt til ein sidemålstekst. Men i nynorskutgåva medfører direkte omsetting at desse sidemålsoppgåvene er knytt til ein hovudmålstekst. Det er ingen stad å hente svara i læreboka. Nynorskelevane må ta i bruk nett eller ordbøker for å kunne løyse same oppgåve som bokmålslevane får svara til i boka. Hadde tanken vore at elevane skulle få øve på å finne svara i ordbøker på nett eller i papirform så hadde det vore heilt greitt, men her ser vi at alle svara er lett tilgjengeleg for elevar med bokmål som hovudmål medan elevar med nynorsk som hovudmål må ha ekstra hjelpemiddel for å kunne løyse same oppgåve. Dette er nok ikkje gjennomtenkt sidan boka blir omsett utan nokon store endringar eller tilpassingar. Oppgåvene i seg sjølv er greie, men dei ligg ikkje så høgt over kompetansenivået for 4. trinn. Det er eit stykke frå å omsetje enkeltord til å prøve ut skriving av tekst på sidemålet. Eg skulle gjerne sett at det var lagt inn oppgåver som oppmoda elevane til å prøve ut skriving på sidemål på ein eller annan måte. Her tenkjer eg ikkje at det skal vere nokon lang tekst, men at ein kan prøve å skrive ei setning eller eit kort dikt på sidemål i løpet av året.

Lærebøkene frå Norsk 6 har ein del av same problematikken. Dei har ingen oppgåver som går på direkte omsetjing av ord. Det kan diskuteras om der er sidemålsoppgåver i lærebøkene frå Norsk 6. I Norsk 6 Bokmål er diktet «På gjennomreise» ein av sidemålstekstane. Ei oppgåve knytt til dette diktet kan moglegvis tolkast som ei sidemålsoppgåve. Nedst i oppgåve 5 finn vi

forslaget: «Katten gjekk gjennom kjøpesenteret» (Anly &Kvinge, 2020, s.253). Spørsmålet her er om er nok grunnlag til å kunne seie at dette er ei sidemålsrelatert oppgåve. I læreboka er det berre ordet «gjekk» som gjev hint om at dette er ei oppgåve som er meint at ein skal gjennomføre på sidemål. Lærarretteiinga nemner denne oppgåva på side 18. Der står det at den er inspirert av eit opplegg frå Nynorsksenteret og at ein kan lese meir om dette i den metodiske delen. I den metodiske delen på side 247 står det eit eksempel på eit dikt og ei anbefaling om å nytte opplegget som Nynorsksenteret har laga. Vidare står der ei nettadresse ein kan gå til for å finne opplegget. Ein må med andre ord inn på Nynorsksenteret sine sider for å finne opplegget deira.

Med unntak av at opplegget er frå Nynorsksenteret, eksempeldiktet står på nynorsk og at forslaget i læreboka er på nynorsk, så er det ingenting som seie at ein skal gjere opplegget på nynorsk. Det er ymta frampå om det på side 18 i lærarretteiinga, men det er då avhengig av at læraren har lest denne delen av lærarretteiinga og hugsar det heilt til ein skal til på side 253. I forslaget i læreboka er det berre ein bokstav frå å vere riktig på bokmål. Elevane kan såleis tenkje at dette er ein stavefeil og gjere oppgåva på sitt hovudmål. Dersom denne oppgåva var meint som ei sidemålsoppgåve burde det vore tydelegare formulert. Om dette er «godt nok» til å kunne definere ei oppgåve som ei sidemålsoppgåve blir eit definisjonsspørsmål. Det står ingen stad i oppgåva som bokmåselevane ser at denne er tiltenkt å gjere på nynorsk. Her er eit hint om at ein kan teste ut skrivning på sidemål med denne oppgåva i form av at eksempelet og teksten oppgåva er knytt til er på nynorsk. Likevel er det ingenting i vegen med å kunne gjere denne oppgåva på hovudmålet.

Norsk 6 Nynorsk har ikkje sidemålsrelaterte oppgåver. Når læreboka vart omsett frå bokmål til nynorsk vart den eine oppgåva eg nettopp problematiserte også omsett til nynorsk. Her er det ingen grunn til å tru at oppgåva er tiltenkt ei anna målform enn hovudmålet. Når ein hentar eit opplegg frå Nynorsksenteret og knyt det opp mot ein tekst på nynorsk med elevar som har nynorsk som hovudmål, er det ingenting som seie at ein ikkje skal gjennomføre dette på nettopp nynorsk. Her er likevel god plass i resten av boka til oppgåver knytt til sidemålet.

Fabel 6 sine lærebøker klarte å tydeleg formidle sidemålsoppgåver i begge sine bøker, men i desse bøkene var det nivået på oppgåvene for lågt opp imot kvar elevane bør vere komne om ein ser på mål i læreplanen for 4. og 7. trinn. Norsk 6 sine bøker klarte ikkje å tydeleg formulere sidemålsoppgåver i bøkene sine. Her er likevel eit lite forsøk på å få elevane til å skrive eit dikt på sitt sidemål i Norsk 6 Bokmål. Med ei tydelegare formulering i læreboka ville denne oppgåva vere godt egna i forhold til progresjonen elevane kunne fått. Ein kunne med fordel presisert at oppgåva var tenkt som sidemålsoppgåve. Eit minimum må kunne vere å presisere dette tydeleg i lærarrettleiinga. Totalt sett er det få sidemålsoppgåver i alle desse lærebøkene. Her er det lagt opp til nokre få oppgåver per skuleår. Dette er lite dersom ein har som mål at elevane skal bli kjend med og utforske sidemålet sitt.

5 Drøfting

Her vil eg drøfte korleis det eg har funne i analysen av bøkene påverkar framstillinga av sidemålet til den enkelte boka. Nokre funn peikar i positiv retning, men ikkje alle. Eg vil fyrst ta for meg innhaldet av sidemålstekstar og drøfte dette. Deretter vil eg drøfte funna i analysane av ein tekst i frå kvar lærebok. Sist vil eg drøfte oppgåvene knytt til sidemål. All drøftinga blir på bakgrunn av tidlegare forskning, aktuell debatt og den nye læreplanen.

5.1 Drøfting av innhald av sidemålstekstar i lærebøkene

Analysen viste at det er omtrent dobbelt så mange sider med sidemålsinnhald i lærebøker med nynorsk som hovudmål enn i lærebøker med bokmål som hovudmål. Det er spesielt den store variasjonen innanfor same læreverk som eg finn interessant. Kva betydning har denne skilnaden? Ein kan undrast over om det påverkar sidemålsopplæringa til elevane med forskjellig målform at det er så store skilnader mellom lærebøkene. For lærarar som har enkeltelevar som har anna målform enn resten av klassa er desse læreverka likevel ideelle, då elevane har omtrent same innhald gjennom heile læreboka. At det er skeiv fordeling mellom bøkene med tanke på sidemål er derimot ikkje så bra. Vi lever i dag med eit hav av media som påverkar oss utanfrå. Ein del av innhaldet vi møter i media er på andre språk, som engelsk, men mesteparten av det som kjem ut på skjermene eller avisene på norsk er på bokmål. NRK har ei eiga kvote for nynorsk, men klarer sjeldan å fylle denne. Når vi då ser at lærebøkene til nynorskelevar har meir innhald på sidemål enn bokmålelevane har, så er det kanskje ikkje så

underleg at mange bokmåselevar tykkjer at sidemål er vanskeleg medan nynorskelevane ikkje syns det er så stor utfordring.

Konsekvensen av omsetjing av innhald frå bokmål til nynorsk blir merkbar. Det er ei skeivfordeling mellom målformene som sannsynlegvis var utilsikta. Bokmåselevar får minst sidemålsinnhald og får eit dårlegare utgangspunkt for læring av sitt sidemål enn nynorskelevane. Dei får heller ikkje mykje hjelp av media til å lære seg sitt sidemål. Dei treng i større grad enn nynorskelevane å få møte sidemålet sitt i lærebøker og på skulen for å ha mogleik til å lære sitt sidemål. Ein kan stille spørsmål ved om bokmåselevane skulle fått meir nynorsk i lærebøkene sine for å lette læringa av sidemålet. Skeivfordelinga i lærebøkene gjer at nynorskelevane som allereie møter sidemålet sitt mykje får møte meir sidemål i lærebøkene.

Det er ingen tvil om at vi finn sidemålstekstar i alle bøkene. Ser vi på funna i analysen oppimot funna til Langnes, der to tredjedelar av innhaldet av nynorskbøkene var på bokmål (Langnes, 2021), ser vi at situasjonen i lærebøkene for 6. trinn er ein heilt annan enn den var for nynorskelevar ungdomsskulen. Det ser eg på som positivt, sidan elevane skal møte hovudmålet sitt meir enn sidemålet sitt. Likevel trur eg at funna i desse lærebøkene samsvarer godt med styrkinga av sidemål som Øvergaard skriv om. (Øvergaard, 2021). Sidemålsinnhaldet i lærebøkene samsvarer godt med kompetansemåla i læreplanen, med unntak av oppgåver knytt til bruk av sidemålet.

5.2 Drøfting kring ein tekst i læreboka

Lærebokforfattarane har lykkast i å integrere sidemålstekstane på ein god måte. Sidemålstekstane er så saumlaust integrert i heilskapen i lærebøkene at ein må lese delar av tekstane for å finne ut om det er sidemålstekstar eller ikkje. Grunna omsetjing frå bokmål til nynorsk er det høgst forventa at sidemålstekstane i nynorskversjonen av boka er godt integrert. Læreverkforfattarane har gjort ein god jobb med å tematisk og grafisk integrere alle tekstane i lærebøkene. Eg ser på det som positivt at lærebokforfattarane har klart å flette inn sidemålstekstane på ein så god måte. Noko av det som eg trur gjer at dei har fått til å plassere

tekstane så saumlaust i lærebøkene er at dei har fokusert på tematisk innhald. Innhaldet har vore avgjerande for utvalet tekstar og kvar dei er plassert i boka.

Det er nytta same layout gjennom heile boka uavhengig av målform. Lengre tekstar er presentert med passande illustrasjonar og spørsmål langs teksten som ein kan tenkje over medan ein les. Likeins har korte tekstar blitt plassert med omhug grafisk og tematisk. Det ser ut som layouten hovudsakleg er avhengig av lengda på teksten. At det ikkje er skilnad på layouten mellom sidemålstekstane og hovudmålstekstane tyder på at målformene er samstilt i bøkene. Samla sett meiner eg sidemålstekstane er presentert på ein god måte i lærebøkene.

Det som har vore ekstra interessant for meg er å samanlikne korleis sidemålstekstane i bokmålsversjonen er plassert i forhold til sidemålstekstane i nynorskversjonen. Sidan bøkene er omtrent like i innhald kan ei seie at det er som å samanlikne ein sidemålstekst med ein hovudmålstekst i same bok. I Fabel 6 finn vi «Eit nikk er nok» og «Jenta som ville redde bøkene». Samanliknar vi desse to er det klart skilnader mellom dei. Den eine har farga bakgrunn og den andre har kvit. Ved sida av den eine er ein stor tilhøyrande illustrasjon, medan ein kan argumentere for at bakgrunnen til den andre er det næraste ein kjem ein direkte tilhøyrande illustrasjon. Likevel er det mykje likt i oppsettet og korleis desse er presentert. Layouten er lik gjennom boka. Begge tekstane er skrivne med svart skrift som har lik skriftstorleik. Fonten er ikkje lik på desse to, men ein finn att begge fontane andre stader i boka. Tek ein vekk fargen i bakgrunnen på den eine teksten er det lite skilnad på sidene. Begge tekstane har eit par linjer med skrift over seg. Overskriftene har same plassering på sida og er like store. Begge tekstane fyljer margen på venstre side og opnar for rom og luft på høgre sida. Skilnadane mellom desse tekstane ser meir ut til å vere kunstnariske val som er gjort for at boka skal vere variert, spanande og engasjerande for mottakaren. Layouten er lik gjennom heile boka. Oppsettet og plasseringa av element som overskrifter, oppgåver, illustrasjonar og tekstar er likt plassert. Layouten legg opp til litt variasjon, så begge tekstane er innanfor det normale oppsettet til layouten. Eg meiner at denne variasjonen styrkar framstillinga av tekstane i bøkene uavhengig av målform.

I Norsk 6 ser vi omtrent det same. Der møter vi tekstane «På gjennomreise» og «Det er viktig». Også her har den eine farga bakgrunn og den andre kvit bakgrunn. Layouten legg opp til litt variasjon. Norsk 6 har også brukt eigne fargar til kvart kapittel. Kapittelfargen påverkar fargevala rundt den enkelte teksten. Skilnader i fargebruk er derfor forventa sidan tekstane står i forskjellige delar av boka. Det er likevel ein skilnad mellom tekstane sitt oppsett som kjem fram. Den eine teksten er plassert i ei farga rute. Dette ser vi eksempel på at lærebokforfattarane gjer gjennom heile boka. Dei vekslar mellom å ha tekstar rett på den kvite sida eller å ha dei i farga ruter. Dette er ein av variasjonane i layouten til dette læreverket. For meg ser det ut som om lærebokforfattarane bevisst går inn for å veksle mellom å bruke farga ruter og kvite sider for å få eit mindre monotont uttrykk. Litt farge kan skape liv på sida. Likevel er det tydeleg at dei som har laga boka har tenkt nøye over korleis dei brukar fargane, for fargane er brukt på ein måte som gjer at teksten blir lett leseleg. Dette ser vi ekstra godt i eit kapittel der kapittelfargen er ein djup lilla. Her har dei brukt kvite ruter med lilla kantar for å ikkje la fargen ta for mykje av merksemda til lesaren.

5.3 Drøfting kring oppgåver

Bruken av oppgåver knytt til sidemålstekstane kan diskuteras. Det er sjølv sagt positivt at læreverkforfattarane nyttar sidemålstekstar i ein tematisk samanheng og derfor vel å lage oppgåver knytt til tematikk eller sjangerlære. Dette tyder på at dei integrerer sidemålet som ein sjølv sagt del av læreboka utan å gjere eit stort nummer utav at det er ein sidemålstekst. Likevel er det merkeleg at det er så lite oppgåver knytt til sidemål i begge læreverka. Læreplanen fortel at eleven etter 7. trinn skal «prøve ut skriving av tekster på sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Ein finn ikkje oppgåver som tydeleg legg opp til utprøving av skriving på sidemål i desse bøkene for 6. trinn. Fabel 6 legg opp til omsetjing av enkeltord. Dette kunne ein samstilt med kompetansemålet for 4. trinn der læreplanen seier at elevane skal «utforske forskjeller og likheter mellom skriving på hovedmål og sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020).

Norsk 6 er så vag i si utforming at ein knapt kan seie at dei har sidemålsrelatert oppgåve i bokmålsversjonen av boka. Sjølv om Norsk 6 Bokmål gjev hint om at ein skal lage ein teikneserie på nynorsk, så står og fell dette på tolkinga av eit ord i elevane si lærebok og om læraren har fått med seg alt som står i den generelle delen av lærarretteiinga. I

nynorskversjonen er det ingen hint om sidemålsrelaterte oppgåver. Det ser ut som at forfattarane har gjort eit forsøk på å integrere sidemålet så godt som mogleg, men ikkje har klart å formulere oppgåva tydeleg nok til å få fram intensjonen om at den skal gjennomførast på sidemålet. Om ein tolkar heilskapen i beste meining så kan ein påstå at forfattarane av Norsk 6 hadde gode intensjonar om å få til ei skriveoppgåve på sidemål. Det som er problematisk er gjennomføringa av intensjonen. Hadde oppgåva blitt betre formulert ville den ha lagt opp til litt progresjon i sidemålsopplæringa. Ved ei tydelegare formulering ville oppgåva kunne utfordre elevane til å prøve ut litt skrivning på sidemålet sitt. då ville oppgåva samsvart godt med kompetansemålet for 6. trinn. Samstundes er det verd å få fram at Norsk 6 ikkje har andre oppgåver knytt til skrivning eller læring av sidemålet. Konsekvensen av at det ikkje er tydelege oppgåver knytt til sidemålet er at det ikkje blir brukt av eleven. Eleven ser på det som ei målform ein berre les. Begge læreverka feilar i å leggje opp til ein progresjon i utviklinga av ferdigheiter i sidemålet for elevane.

Den vage formuleringa i Norsk 6 Bokmål kombinert med omsetjing frå bokmål til nynorsk resulterer i at Norsk 6 Nynorsk ikkje har sidemålsoppgåver. Det hadde likevel vore lett å få til ei lik oppgåve i nynorskversjonen av boka. På same oppslag som «På gjennomreiser» finn vi i nynorskversjonen diktet «Ein frosk hadde rana ein sparebank». I bokmålsversjonen av boka er denne teksten på bokmål under tittelen «En frosk begikk et bankrøveri». Sidan denne teksten er utgjeven på begge målformer var det ikkje problematisk å omsetje han. Dersom ein hadde latt den vere på bokmål i nynorskversjonen av læreboka kunne ein lett knytt oppgåva der ein skal skrive eit nytt dikt på sidemål og lage teikneserie av diktet til denne teksten. Ein bakdel ved denne løysinga ville vere at nynorskversjonen av læreverket ville fått ein ekstra tekst på sidemål. Skilnaden mellom innhaldet av sidemålstekstar i nynorskversjonen og bokmålsversjonen av læreverka ville auka meir. Når vi allereie veit at nynorskversjonen av læreverka har doble mengda sider er det ikkje ønskeleg å auke skilnaden.

Læreverkforfattarane burde uansett sjå på mogleiken til å flytte oppgåvene knytt til sidemål for å sikre at nynorskelevane får same utgangspunkt for å løyse oppgåvene som bokmålselevane.

Ein får tydeleg sjå ein av konsekvensane av at læreverka er omsett frå bokmål til nynorsk når ein ser på oppgåvene. I bokmålsversjonen av læreverka er sidemålsoppgåvene knytt til ein

sidemålstekst. Som det kom fram i analysen så legg Fabel 6 Bokmål opp til at elevane skal kunne finne svara i læreboka og Norsk 6 Bokmål har eit ord i eit eksempel som gjev hint om at oppgåva skal gjennomførast på sidemål. Det er ein konsekvens av direkte omsetjing at sidemålsoppgåvene anten forsvinn eller blir knytt til hovudmålstekstar i nynorskversjonen av lærebøkene. Det kunne med fordel blitt lagt ned litt arbeid i å tilpasse sidemålsoppgåvene til nynorskversjonane av lærebøkene.

Det kan vere fordelaktig å få inn meir enn eit par oppgåver knytt til sidemålet i kvar bok. I lærarrettleinga til Norsk 6 peikar forfattarane på at «Fleire undersøkelser har vist at elever som møter sidemålet gjennom tidlig språklek, både lærer meir og får meir positiv holdning til sidemål.» (Anly, Frønes og Kvinge, 2020, s.17). Det er litt rart at eit læreverk som skriv rett ut i lærarrettleinga si at det er viktig for elevens læring og haldning til sidemålet er avhengig av at elevane møter sidemålet tidleg gjennom språkleik ikkje legg opp til oppgåver knytt til sidemålet i elevens lærebok. Det er mogleg at dei tenkjer at den tidlege språkleiken ikkje skal kome som oppgåver, men eg skulle ynskje at dei hadde oppgåver der dei oppmoda elevane til å leike med språket skriftleg.

Fabel 6 har lagt opp til sidemålsoppgåver til to av tekstane sine. Til tekstutdraget frå «Tonje Glimmerdal» finn vi ei oppgåve og til teksten «Kvithai» finn vi fire oppgåver som er sidemålsrelatert. Desse oppgåvene går i hovudsak ut på å omsetje enkeltord. Den siste oppgåva knytt til «Kvithai» stiller spørsmålet «Kva meiner du er nærast talespråket ditt, bokmål eller nynorsk?» (Fjeld, Løkken, Masdal & Taraldsen, 2021, s. 223). Bokmåselevane som nettopp har lest og sett på enkeltord i ein tekst på nynorsk vil kunne reflektere over korleis enkeltorda frå teksten samsvarar med talemålet, men kva grunnlag har nynorskelevane til å diskutere dette utifrå denne teksten? Det er sannsynleg at nynorskelevane vil trengje hjelpemiddel for å kunne svare på kva enkeltorda som er lista opp er på bokmål. Det er dei omsette enkeltorda dei møter i oppgåvene som er deira grunnlag for å diskutere om deira talemål er nærast bokmål eller nynorsk. Eg meiner oppgåvene burde ha vore flytta i nynorskversjonen av boka og knytt til ein sidemålstekst. Dette er spesielt viktig i høve til den siste oppgåva for at elevane skal få eit betre samanlikningsgrunnlag.

Oppgåvene knytt til sidemål i Fabel 6 kunne gjerne lagt opp til meir progresjon i skriving av sidemål. Å omsetje enkeltord og samanlikne målformene er ikkje vanskeleg nok for ein elev

på 6. trinn når det er kompetansemålet for 4. trinn som seier at elevar skal «utforske forskjeller og likheter mellom skriving på hovedmål og sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Når ein ser at kompetansemålet etter 7. trinn er at eleven skal «prøve ut skriving av tekster på sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020) vil ein gjerne sjå ein progresjon i oppgåvene som gjer at ein klarer å nå dette målet. Det er sjølvstakt ikkje eit krav at elevar skal ha prøvd ut skriving på sidemålet sitt på 6. trinn, men ei utprøving av skriving allereie på 6. trinn vil gi ein ønskeleg progresjon og gjer det lettare å nå kompetansemålet for 7 trinn.

6 Avslutting

I dette kapitlet vil eg starte med oppsummering og konklusjon. Der vil eg skrive kort om hovudfunna og komme med konklusjonar utifrå funna. Deretter kjem ein del om kva dette tyder for sidemålsopplæringa. Deretter finn ein forslag til vidare forskning, der eg skriv litt rundt eit par interessante moment som ein kan forske vidare på.

6.1 Oppsummering og konklusjon

Tematisk og grafisk integrering

Det kjem fram av analysen at sidemålstekstane er godt tematisk og grafisk integrert. Der er få unntak frå oppsettet rundt tekstane, og dei få unntaka ein finn er brukt som verkemiddel for å framheve tekstane. Til dømes er bakgrunnen til «Eit nikk er nok» annleis enn resten av læreboka, men den framhevar teksten godt. Der er ingen skilnad mellom målformene på tematisk og grafisk integrering. Lærebokforfattarane og forlaget har gjort ein god jobb med desse læreverka. Dette arbeidet har resultert i lærebøker der sidemålstekstane er fletta inn på lik linje med hovudmålstekstane. Det som likevel er greitt å merke seg er plasseringa av sidemålsoppgåver i nynorskversjonen av Fabel 6. Der står sidemålsoppgåvene litt malplassert.

Oppgåver

Analysen viser at det er oppgåver knytt til nesten alle sidemålstekstane. Desse oppgåvene er i all hovudsak knytt til kapitteltema og tekstens innhald. I Fabel 6 finn vi oppgåver knytt til sidemålet. Desse oppgåvene omhandlar omsetjing av enkeltord frå hovudmål til sidemål og sidemål til hovudmål. Dette samsvarar mest med kompetansemål etter 4. trinn.

(Utdanningsdirektoratet, 2020). I Fabel 6 Nynorsk er desse oppgåvene også knytt til ein hovudmålstekst. At sidemålsoppgåvene er knytt til ein sidemålstekst gjer at dei verkar lite

gjennomtenkt. Læreverket Fabel 6 har ikkje lagt opp til at elevane skal få ein progresjon i skriving av sidemålet. Det er skilnader mellom Fabel 6 og Norsk 6. Norsk 6 Nynorsk har ikkje sidemålsoppgåver. I Norsk 6 Bokmål kan ein finne eit vagt hint om eit oppgåve. Dersom oppgåva var tydelegare formulert ville den gitt elevane mogleiken til utprøving av skriving på sidemål og samsvart meir med ein ønskeleg progresjon oppimot kompetansemål for 7. trinn. (Utdanningsdirektoratet, 2020). Det er problematisk at den einaste oppgåva knytt til sidemålet i bokmålsversjonen av læreverket er så vagt formulert at den mest sannsynleg blir gjennomført på hovudmål. Læreverkforfatarane har ikkje klart å tydeleg formulere sidemålsoppgåver i Norsk 6. Begge læreverka har utfordringar med oppgåvene sine. Det skulle gjerne ha vore meir enn to oppgåver knytt til sidemål per skuleår. Oppgåvene burde ha hatt progresjon som peika i retning av kompetansemåla for 7. trinn. Det er negativt for sidemålsopplæringa at oppgåvene er for enkle eller utydeleg formulert.

Konsekvensar av omsetjing

Begge læreverka er omsett frå bokmål til nynorsk. Det medfører at oppgåver og mengd sider på sidemål i lærebøkene på nynorsk ikkje blir gjennomtenkt. I Fabel 6 ser vi at sidemålsoppgåver er knytt til sidemålstekst i bokmålsboka. Når læreverket omsetjast til nynorsk blir sidemålsoppgåvene knytt til hovudmålstekst. I Norsk 6 Bokmål er den einaste sidemålsoppgåva vag, men når oppgåva vart omsett forsvann alle spor av sidemålsoppgåva. Denne var no ei tydeleg hovudmålsoppgåve. Det ser ut som om det er tilfeldig kvar og om det kjem sidemålsoppgåver i nynorskbøkene. Det gjev utilsikta skilnader mellom målformene. Vi ser store skilnader mellom mengda sider med sidemålsinnhald i lærebøkene. Der er omtrent doble mengda sider med sidemålsinnhald i nynorskversjonen av lærebøkene samanlikna med bokmålsversjonen av same bok. Dette gjer at elevar med nynorsk som hovudmål får betre utgangspunkt for læring av sidemålet sitt gjennom lærebøkene enn elevar med bokmål som hovudmål.

Konklusjon

Lærebøkene presenterer sidemålstekstane på ein fin måte. Tekstane blir godt integrert tematisk og grafisk. Det er ikkje gjort skilnad på presentasjon av hovudmålstekstar og sidemålstekstar. Ein ser likevel uheldige konsekvensar av at lærebøkene blir omsett frå bokmål til nynorsk. Nynorskversjonen av lærebøkene verkar mindre gjennomtenkt.

Sidemålsoppgåvene er knytt til hovudmålstekstar i Fabel 6 Nynorsk og forsvinn heilt i omsetjinga i Norsk 6 Nynorsk. Ein ser også at nynorskversjonane av bøkene har dobbel mengd sider samanlikna med bokmålsversjonen. Dette gjer at det er stor skilnad på kor mykje sidemål nynorskelevar og bokmålslevar møter i lærebøkene sine. Sjølv om det er uheldige konsekvensar av omsetjinga av bøkene forringar ikkje dette korleis sidemålstekstane blir presentert. Min konklusjon er at sidemålet blir framstilt på lik linje med hovudmålet i integreringa av tekstar, men at det er ein del som manglar kring oppgåvene i læreverka og vissheta kring mengda sidemål i lærebøkene som er omsett til nynorsk. Der er rom for forbetring.

6.2 Kva kan dette tyde for sidemålsopplæringa?

Godt integrert tekst gjer at ein i mindre grad ser at det er sidemål. Når ein gjer lite ut av at det er sidemål viser ein elevane at dette er berre ein måte å skrive på. Fabel 6 og Norsk 6 har begge gode og varierte tekstutval som er godt integrert i læreverka. Dette gjev elevane mogleiken til å sjå fleire måtar å nytte sidemålet sitt på. Elevane møter mellom sju og ti sidemålstekstar i desse lærebøkene. Ved å møte sidemålstekstar innimellom gjennom heile skuleåret er med på å gjere sidemålet mindre skummelt når elevane sjølv skal prøve ut skriving på sidemålet.

Fabel 6 legg berre opp til at elevane skal omsetje enkeltord. Norsk 6 klarar ikkje tydeleggjere at det var meininga at ein skal gjennomfør ei skriveoppgåve på sidemål. Dette gjev lite rom for utprøving av skriving på sidemålet. Lite skriving i tidleg alder kan gjere at elevane seinare kvir seg på å bruke sidemålet. Elevane får trening i å lese sidemålet, men får ikkje trening i å skrive det. Dette er negativt for læringa av sidemålet som bruksspråk. Sidemålsopplæringa kan bli mangelfull eller få for lite progresjon om ein ikkje er merksam på at det er lagt opp til lite skriftleg aktivitet på sidemålet.

6.3 Forslag til vidare forsking

Det vil vere interessant å sjå vidare på sidemål i andre læreverk. Det er mogleg at ein finn andre tendensar i andre læreverk. No er snart lærebøkene for 4. og 7. trinn komen ut på marknaden. Det er då interessant å sjå korleis desse legg opp til sidemålsopplæring knytt til

læreplanen. Det vil i det tilfelle vere lettare å knytte kompetansemål til korleis lærebøkene legg opp til sidemålsopplæringa. Ein kan til dømes ta læreverk for 7. trinn og samanliknar innhaldet i desse med kompetansemåla for 7. trinn. Eg håpar at ein blant anna finn tydelegare oppgåver knytt til skriving av sidemålet i lærebøkene for 7. trinn.

Eit anna interessant tema ein kan sjå vidare på er korleis omsetjinga av lærebøker frå bokmål til nynorsk påverkar kvaliteten til nynorskversjonen av lærebøkene. Her er det mogleg å ta for seg lærebøker på nynorsk og sjå om omsetjinga har konsekvensar for språket og mogleik for å nå kompetansemåla i den nye læreplanen. Birkeland, som arbeider med å omsetje bøker frå bokmål til nynorsk, fortel om at forlag somme tider ynskjer at han skal bruke meir bokmålsnære former av nynorsken. (Digernes, 2022, s.7). Det vil derfor vere interessant å sjå på korleis føringane frå forlaga påverkar den språklege kvaliteten i lærebøkene på nynorsk.

Litteraturliste

Blikstad-Balas, M. & Tønnesson, J. L. (2020). *Inn i sakens prosa*. Universitetsforlaget.

Bratberg, Ø. (2021) *Tekstanalyse for samfunnsvitere* (3.utg) Cappelen Damm Akademisk

Fenner, A. B. & Newby, D. (Red.). (2000). *Approches to Materials Design in European Textbooks: Implementing Principles of Authenticity, Learner Autonomy, Cultural Awareness*. European Centre for Modern Languages

Johannesen, S., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2021) *Introduksjon til Samfunnsvitenskapelig metode*. (6.utg) Abstrakt forlag

Nyeng, F. (2021) *Nøkkelbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*. (4.oppl.) Fagbokforlaget

Skjelbred, D. (2019) *Skolens tekster – et utgangspunkt for læring*. Cappelen Damm Akademisk.

Skrunes, N. (2010). Lærebokforskning : en eksplorerende presentasjon med særlig fokus på kristendomskunnskap, KRL og religion og etikk (p. 322). Abstrakt forlag

Tønnessen, E. S. (2019) Tekstmøter – barnelitteratur mellom medier. I Stokke, R. S. & Tønnessen, E. S. (Red.) *Møter med barnelitteratur*. Universitetsforlaget.

Digernes, A. G. (2022). Rettar fingeren mot staten. *Norsk tidend*. (1) s.6-7.

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplan i norsk* (NOR01-06)

<https://www.udir.no/lk20/nor01-06>

Utdanningsdirektoratet. (2020). *Innføring og overgangsordninger for nye læreplaner*

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/innforing-og-overgangsordninger-for-nye-lareplaner/#a166494>

Mørstad, Erik; Tschudi-Madsen, Stephan: *fargesymbolikk* i *Store norske leksikon* på snl.no.

Hentet 1. mai 2022 fra <https://snl.no/fargesymbolikk>

NRK. 25 prosent nynorsk. 10. januar 2020. <https://www.nrk.no/nyheter/25-prosent-nynorsk-1.14854679>

Sanden, G. R. (2019) *The second-class Norwegian: marginalisation of Nynorsk in Norwegian business*

<https://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/14664208.2019.1697556?needAccess=true&>

Jansson, B. K. (2004) *Kva slags sidemålsopplæring legg lærebøkene opp til når nynorsk er sidemålet? Ein analyse av lærebøker i norsk for ungdomstrinnet etter Reform 97.*

<https://hiof.brage.unit.no/hiof-xmlui/handle/11250/147540>

Rønning, W. (Red.). (2008). *Læreplan, læreverk og tilrettelegging for læring; Analyse av læreplan og et utval læreverk i naturfag, norsk og samfunnsfag.* Nordlandsforskning.

Øvergaard, I. M. W. (2021). *Nynorsk på barnetrinnet -En kritisk diskursanalyse av nynorsk som sidemål i tre læreplaner i norsk.* [Masteroppgåve] OsloMet.

Jørgensen, C. F. (2019). *Gramatikken i bruk?.* [Masteroppgåve] Universitetet i Oslo.

Langnes, L. A. S. (2021). *Nok tilfang på begge målformer? Om språkleg fordeling i lesebøker og tekstar i norsk for nynorskelevar i ungdomsskolen*. [Masteroppgåve] Høgskulen på Vestlandet.

Sandvik, R. L. (2021) «*Ei blanding av svensk og trollspråk*»

<https://www.nrk.no/kultur/xl/det-er-ikkje-berre-berre-a-ta-debatten-om-nynorsk.-nokon-kjem-til-a-klikke.-1.15387365>

Langlo, S. D. & Iversen, T. (2021) *Det ryker fra kopimaskinen i norsk skole*

<https://www.midnorskdebatt.no/meninger/ordetfritt/2021/09/07/Det-ryker-fra-kopimaskinen-i-norsk-skole-24519809.ece>

Ulvestad, R. (2020) *Boka som læremiddel går aldri ut på dato*.

<https://www.utdanningsnytt.no/laereboker-laeremidler-roar-ulvestad/boka-som-laeremiddel-gar-aldri-ut-pa-dato/255023>

Aashamar, Bakken, J., & Brevik, L. M. (2021). Fri fra lærebokas tøyler. Om bruk av læreboka og andre tekster i norsk, engelsk og samfunnsfag på 9. og 10. trinn. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 105(3), 296–311. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987-2021-03-04>

Aschehoug. NORSK FOR BARNESKOLEN; Fabel 1–7. Henta frå

https://skole.aschehoug.no/laremiddel/fabel-1-7-2020/laererveiledning-digitalt-produkt-bokmal_nynorsk-6

Fjeld, T. K., Løkken, B. G., Masdal, N & Taraldsen, T. L. (2021) *Fabel 6 Bokmål. Aschehoug undervisning*

Fjeld, T. K., Løkken, B. G., Masdal, N & Taraldsen, T. L. (2021) *Fabel 6 Nynorsk. Aschehoug undervisning*

Anly, I. & Kvinge, S. E. (2020) *Norsk 6 Bokmål. (3. oppl.) Cappelen Damm*

Anly, I. & Kvinge, S. E. (2020) *Norsk 6 Nynorsk. Cappelen Damm*

Anly, I., Frønes, T.S. & Kvinge, S. E. (2020) *Norsk 6 Lærerveiledning. Cappelen Damm*